






# Årsrapport 2023

— Saman for ein enklare digital kvardag



# Innhald

	<b>1 Melding frå leiaren</b>	I si melding frå leiaren gir direktør Frode Danielsen si overordna vurdering av den samla mål- og resultatoppnåinga, utfordringane og prioriteringane til Digdir i 2023.	<b>Side 2</b>
	<b>2 Introduksjon til verksemda og hovudtal</b>	I dette kapitlet kan du verte betre kjend med Digdirog samfunnsoppdraget vårt. I dette kapitlet kan du lese meir om dei fire rollene til Digdir, leiinga og korleis vi jobbar på tvers av kontorstadane i Brønnøysund, Leikanger og Oslo. Vi presenterer viktige hendingar i 2023. Vi forklarar kva eit felles økosystem for digital samhandling og tenesteutvikling er, korleis vi jobbar med innovasjon og den viktige rolla til digitale fellesløysingar.	<b>Side 8</b>
	<b>3 Aktivitetar og resultat i 2023</b>	Vi vurderer den samla måloppnåinga for 2023 som god. Det krevjande moderniseringsarbeidet for dei samfunnskritiske fellesløysingane våre innebar at vi måtte om- og nedprioritera andre område. Likevel leverte vi som avtalt på alle vesentlege mål og oppdrag. I kapittel 3 legg vi fram sju fagrekneskapar der vi vurderer mål, resultat, utfordringar og prioriteringar på fagområda våre. Til saman gjer dei eit dekkande bilete av Digdir si verksemd i 2023. Kapitlet inneheld også vår vurdering av ressursbruk, status på oppdraga våre i 2023 og berekraftsrapporteringa vår.  3.1 Samla vurdering av måloppnåing 3.2 Fagområder 3.3 Vurdering av ressursbruk 3.4 Status på oppdrag i tildelingsbrevet 3.5 Bærekraft	<b>Side 26</b>  <b>Side 27</b> <b>Side 30</b> <b>Side 72</b> <b>Side 75</b> <b>Side 77</b>
	<b>4 Styring og kontroll i verksemda</b>	I kapittel 4 gjer vi vår overordna vurdering av styring og kontroll i Digdir, som viser at vi har tilfredsstillande styring og kontroll som er tilpassa størrelsen, oppgåvene og risikoen til verksemda. Vi oppnådde alle vesentlege mål i 2023. Vi presenterer også våre mål, resultat, utfordringar og planar for arbeidet med HR, kommunikasjon og sikkerheit og beredskap.	<b>Side 80</b>
	<b>5 Vurdering av framtidutsikter</b>	I vurdering av framtidutsikter kan du lese Digdir si vurdering av trendane, utfordringane, moglegheitene og endringsbehova vi ser på digitaliseringsområdet framover. Du får også innsikt i korleis vi vil jobbe for å ruste Digdir for kommande utfordringar og oppgåver.	<b>Side 98</b>
	<b>6 Årsrekneskap</b>	Digdir er ei bruttobudsjettert verksemd under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Rekneskapen er ført etter kontantprinsippet og er gjeven i samsvar med retningslinene for økonomistyring i staten, rundskriv R 115 frå Finansdepartementet og krav frå vårt departement. Vår vurdering er at årsrekneskapen gir eit dekkande bilete av Digdir sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.	<b>Side 108</b>



## KAPITTEL 1

# Melding frå leiaren

I si melding frå leiaren gir direktør Frode Danielsen si overordna vurdering av den samla mål- og resultatoppnåinga, utfordringane og prioriteringane til Digdir i 2023.

Melding frå leiaren

**Eg ser stolt tilbake på 2023.  
Vi har handtert store endringar  
og krevjande oppgåver.  
Digidir leverte godt på alle  
vesentlege mål og krav.  
Vi rusta oss for det som ligg  
føre. Og kanskje mest gledeleg:  
Digitalisering kom sterkare  
på dagsordenen.**

15. mars 2024, Leikanger



**Frode Danielsen**  
Direktør



Samordning og digitalisering kom sterkare tilbake på dagsordenen i 2023. Det ga meg og Digidir stor motivasjon til å gyve laus. Noreg fekk ein digitaliserings- og forvaltningsminister og eit nytt departement med ansvar for samordning av digitaliseringa. I haust starta arbeidet med den nye digitaliseringsstrategien for alvor opp. Strategien skal gi retning for digitaliseringa av heile samfunnet. Den vert svært viktig for forvaltnings- og samfunnsutviklinga i åra som kjem og vil gi viktige føringar for våre prioriteringar framover.

EG har – med stor interesse – følgd Riksrevisor sitt budskap om at effektiv og samordna digitalisering er avgjerande for å oppretthalde velferdsstaten. Han har teikna eit alvorleg situasjonsbilete der han framheld at offentleg sektor må verte fem milliardar kroner meir produktiv – kvart år – om vi skal kunne oppretthalde velferdstenester på dagens nivå. Det vert avgjerande å nytte moglegheitene som ligg til digitalisering. Vi kan kun lukkast viss offentleg sektor digitaliserer meir heilskapleg og samordna. Vi må gå i takt, ikkje digitalisere kvar for oss.

## Vi styrka premissgivarrolla

Digidir skal vere premissgivar for digitaliseringa av Noreg. Dette inneber både å gi råd til digitaliseringspolitikken og å setje i verk digitaliseringspolitikken til regjeringa med hjelp av ulike verkemiddel. Den viktigaste oppgåva som premissgivar er å samordne digitaliseringa på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. I 2023 prioriterte vi den kommande digitaliseringsstrategien høgt.

For å bidra til å fjerne hindringar for digitalisering, har Digidir også byrja å styrke juridisk arbeid med både nasjonalt regelverk og kommande EU-forordningar. I tillegg styrkar vi kapasiteten på kunstig intelligens (KI), slik at Digidir kan bidra til å ta vare på særnorske interesser i utviklingsarbeidet. Vi jobba vidare med å få på plass styrings- og finansieringsmodellar som fremmar samordna digitalisering. Digidir vil halde fram med å styrke samordningsrolla si framover. Det trengs for at Noreg skal få ein meir heilskapleg digitaliseringsportefølje og meir samanhengande tenester.

## I rute med to samfunnskritiske moderniseringsprosjekt

Digidir held på med to av dei mest komplekse digitaliseringsprosjekta i Noreg. Moderniseringa av dei samfunnskritiske fellesløysingane ID-porten og Altinn har hatt høg prioritet. Arbeidet krev mykje i form av ressursar og innsats. Begge har vore enorme suksessar i digitaliseringa av Noreg. Altinn åleine har i mange år spart næringslivet for 15 milliardar årleg, om vi kun reknar spart tid til rapportering. Det er i verdstoppen. ID-porten gjer det mogleg å logge enkelt og sikkert – og likt – inn på 12 000 offentlege tenester. Løysinga har vore ein katalysator og føresetnad for den raske tenesteutviklinga som har vore i offentleg sektor det siste tiåret.

For å halde følgje med teknologisk utvikling, krav til sikkerheit og funksjonalitet, må teknologien og plattformene til Altinn og ID-porten fornyast. Utdatert teknologi aukar risikoen for uønska hendingar. Angrepa på digitale løysingar og samfunnskritiske tenester har auka sterkt, i tråd med trusselsituasjonen rundt oss. Alle forstår at krava til sikkerheit aukar, krev oppdatert teknologi og treng meir ressursar. Vi kan ikkje velje sikkerheit bort. Det er ein føresetnad for at vi framleis skal kunne ha tillit til tenester frå det offentlege.

Sjølv om viktig arbeid står att, er eg stolt av at nesten alle offentlege tenester kom over på nye ID-porten i 2023, utan vesentlege problem. Og vi har gjennomført omfattande arbeid i den naudsynte og komplekse fornyinga av suksessen Altinn. Vi er i rute, og det imponerer meg.

## Raskt på KI-banen

Gjennom det siste året har generativ KI komme med stor kraft og fart. Chat GPT vart plutsleg noko alle snakka om og brukte. Dei aller fleste forstår at vi må gjere nytte av ny teknologi – og handtere og finne løysingar på utfordringane undervegs. Alternativet er å stå att på perrongen når toget går. Dei moglegheitene har ikkje Noreg råd til å miste. For Digidir vart dette ei øving i prestisjelaust samarbeid. Våre KI-eksperter gjekk saman med andre flinke folk i andre verksemder og laga raskt ei rettleiing for utvikling og bruk av kunstig intelligens i offentleg sektor. Den lanserte vi i ein betaversjon i juni 2023 og forbetrar

fortløpande. Den inneheld også ei oversikt over kva som skjer på kunstig intelligens i offentleg sektor. Digdir er i ferd med å ruste opp innsatsen og ta rolla som nasjonal dirigent på KI.

## Jobbar for éin digital offentleg sektor

Også i 2023 jobba Digdir hardt for å samle og hjelpe offentlege verksemder å skape tenester som innbyggjarane opplever heng saman på tvers av verksemder og sektorar. Tala viser at det er ein lang veg å gå. Livshendingane jobbar med konkrete tiltak, men melder om at dei er forsinka. 37 prosent av dei statlege verksemdene, ein framgang frå 25 prosent i 2022, opplyser at dei utviklar samanhengande tenester. For kommunane er talet 30 prosent.

Eit viktig grep i 2023 var å samle og spisse bruken av dei finansielle, pedagogiske og juridiske verkemidla til Digdir, som Medfinansieringsordninga, Stimulab, innovation@digdir og Digitaliseringsrådet. Saman med DFØ utvikla vi rettleiinga Styre, organisere og samarbeide om samanhengande tenester, som også inneheld relevante døme. Samarbeidsnettverket mellom livshendingane, KS, Diginettverka og Digdir vart ein viktig arena for å dele og lære av kvarandre. Eg er viss på at ambisjonen om samanhengande tenester vert kjernen i den nye digitaliseringsstrategien også.

## Digital deltaking er målet

Digitalt utanforskap vart også løfta i samfunnsdebatten i 2023. Eit sjølvstøtt mål for digitaliseringa er at alle skal kunne delta og bruke løysingane i samfunnet. Over ein million av oss står i fare for å falle utanfor digitalt i ulike situasjonar. Det er lett å tru at det er eldre, svaksynte og folk med fysiske utfordringar som har utfordringar. Biletet er mykje meir mangfaldig. Mange av oss kan få til det digitale på dei fleste område, medan vi strevar på enkelte område. Språk, helseutfordringar, fattigdom, låg tillit til det offentlege og manglande yrkesdeltaking aukar risikoen for digitalt utanforskap. For meg har det vore overraskande å sjå at så mange unge slit med å nytte digitale tenester, særleg knytt til det offentlege. For mange av dei yngste er forvaltning ei verd dei ikkje forstår og kjenner. Alt dette må vi i større grad ta omsyn til når vi digitaliserer.

For å lukkast med å inkludere alle, må vi jobbe saman på tvers av sektorar i det offentlege og på tvers av offentleg og privat sektor. Det er ikkje brukarane det er noko feil med, dei digitale tenestene må vere så gode at alle kan bruke dei. Og svaret er ikkje mindre, men betre digitalisering.

## Universell utforming gir betre digitale tenester

I mange år har Noreg vore verdsleiande på universell utforming av ikt. I EU sin eGovernment Benchmark 2023 kom Noreg ut på 1. plass i ei pilotmåling av offentlege digitale tenester i Europa. Bak desse resultatane har tilsynet vårt stått i spissen med tilsynsmetodikk og løysingar som andre land i Europa har lært av og brukt. For å kunne etterleve nytt EU-regelverk, må vi trappe opp kontrollverksemda. Då må kontroll og tilsyn bygge på effektiv dataproduksjon og analyse. Løysing for tilgjengelegheitserklæring og dataplattform var første steget mot eit digitalt datadrive tilsyn. I 2023 har vi vidareutvikla tilgjengelegheitserklæringa til å omfatte appar og utvikla løysing for forenkla kontroll.

Tilsyn utgjer den fjerde rolla til Digdir. Tilsynet for universell utforming av ikt i privat og offentleg sektor har ei fagleg uavhengig rolle og fører tilsyn i privat og offentleg sektor. I 2023 prioriterte vi tilsyn med digitale læremiddel i skulen. Funna viser at løysingane ikkje er gode nok på mange område. Taparane er elevane. Tilsyna har allereie ført til store forbetringar, men også midlertidige utfordringar. Vi forstår at det kan vere krevjande for leverandørar, kommunar og skular i ein periode til løysingane held det nivået dei bør og skal ha, men dette er ikkje elevane sitt ansvar. Det samfunnsansvaret må dei som bestiller, leverer og er ansvarlege for dei digitale læremidla ta.

## Klare råd til den nye digitaliseringsministeren

For at Digdir skal klare å ta rolla som regjeringa sitt viktigaste verktøy for raskare og meir samordna digitalisering av samfunnet, må vi styrke rolla som premissgivar. Det inneber både å styrke rolla og evna til Digdir og å bruke krafta til samarbeidet – altså å utnytte den samla kompetansen, erfaringa og krafta til verksemdene i offentleg sektor. I 2022 kom Skate med to klare meldingar og råd til regjeringa, og slo mellom anna alarm om konsekvensane dersom Noreg ikkje

prioriterer og sikrar den digitale infrastrukturen vår. Skate, rådet med toppleiarar som gjer råd til regjeringa, har ein enorm samla kompetanse og eit endå større potensial som rådgivande organ. I møtet med den nye digitaliseringsministeren i desember 2023 ga Skate tre innspel til den nye digitaliseringsstrategien:

1. Styringa og finansieringa må støtte samarbeid på tvers av sektorar og verksemder
2. Tilpass regelverket til den digitale tidsalderen
3. Bruk felles infrastruktur, som dei digitale fellesløysingane, på tvers av alle verksemder og sektorar

I Digdir sitt eige innspel ga vi tre råd til regjeringa, kor vi i tillegg tilrår at den nye digitaliseringsstrategien er forpliktande for alle sektorar, og omhandlar nødvendige, strukturelle endringar. Vi bør også utnytte potensialet i EU sin ambisiøse digitaliseringspolitikk. Den har stort potensial også for Noreg, både på regelverk, infrastruktur, forskning og utvikling, testing og bruk av ny teknologi og andre felles initiativ. Det vil krevje ei meir proaktiv tilnærming frå Noreg si side.


### Eit sterkare Digdir med stor fart inn i 2024

Det har sjølvsgatt vore krevjande, men aller mest givande, å overta som direktør for eit Digdir som departementet og dei rundt oss har store forventningar til. I 2022 hadde vi store utskiftingar i toppleiargruppa. For meg har det vore viktig for å få på plass mitt nye leiarteam. I skrivande stund er alle nye på plass. Det er eg svært nøgd med. Samstundes er eg svært takksam for dei som har teke ansvar som fungerande i ulike roller. Dei har gjort ein svært god og viktig jobb for Digdir, og som resultat viser har dei meir enn halde fortet. Og først og fremst er det alle dei dyktige kollegaene mine i Brønnøysund, Leikanger og Oslo som skal ha æra for gode resultat, til trass for at rammene kan vere tøffe og oppgåvene omfattande og krevjande. Eg er heldig som får leie og jobbe saman med dykk alle!

### Digitalisering handlar om å frigjere tid til det viktigaste i samfunnet


Eg har større ambisjonar enn å levere på dei konkrete oppgåvene Digdir har og får. Eg vil vise at digitalisering er heilt sentralt for å sikre velferdsstaten. Det handlar om å frigjere tid – og dermed pengar og ressursar – til dei viktigaste oppgåvene i samfunnet. Det handlar om å bygge gode samordna tenester på tvers av sektorar og verksemder som skaper verdi for innbyggjarar og verksemder. For deg og meg handlar det om at vi også i framtida skal ha gode helse- og omsorgstenester, at du som føreset for eit alvorleg sjukt barn skal sleppe 19 timar i veka på å finne fram i offentlege system eller at du som sjølvstendig næringsdrivande får bruke meir tid på å skape verdiar framfor å rapportere til myndigheitene.

## Saman skal vi skape meir tid til det viktigaste.









## KAPITTEL 2

# Introduksjon til verksemda og hovudtal

I dette kapitlet kan du verte betre kjend med Digdir og samfunnsoppdraget vårt. I dette kapitlet kan du lese meir om dei fire rollene til Digdir, leiinga og korleis vi jobbar på tvers av kontorstadane i Brønnøysund, Leikanger og Oslo. Vi presenterer viktige hendingar i 2023. Vi forklarar kva eit felles økosystem for digital samhandling og tenesteutvikling er, korleis vi jobbar med innovasjon og den viktige rolla til digitale fellesløysingar.

# Dette er Digdir

Digdir skal vere regjeringa sitt fremste verktøy for effektiv og samordna digitalisering av offentleg sektor, og av samfunnet for øvrig, irekna å bidra til digitalisering i næringslivet.

Regjeringa har ein ambisjon om at offentleg sektor i Noreg skal vere verdslaiande på digitalisering. Det skal mellom anna skje gjennom fellessatsingar og tenester for å skape éin felles digital offentleg sektor. Det inneber at staten, kommunane og heile forvaltningsapparatet skal samarbeide med næringslivet og frivillige organisasjonar, slik at vi – saman – kan utnytte dei moglegheitene digitalisering gir oss og kan skape. Digdir si rolle er å trekke utviklinga i den retninga som tener fellesskapet best. Digdir skal også sørge for at Noreg handterer utfordringane digitaliseringa kan medføre, til dømes på informasjonssikkerheit og personvern.

Og ikkje minst: Digitalisering handlar ikkje berre om teknologi, men minst like mykje om menneska teknologien skal fungere for. Innbakt i regjeringa og KS sin ambisjon ligg det difor ein klar marsjordre til Digdir om å legge til rette for og skape gode møte mellom teknologien og menneska, anten dei er innbyggjarar, frå næringslivet eller representerer ein frivillig organisasjon.

Alt dette ligg i Digdir sin visjon:

## Saman for ein enklare digital kvardag

### Våre verdjar

#### Påliteleg

Verdien påliteleg handlar mellom anna om at du kan stole på at vi leverer som forventa, følger opp beslutningar og tek ansvar for heilskapen

#### Inkluderande

Verdien inkluderande handlar til dømes om at vi er ein arbeidsplass med plass for alle, jobbar prestisjelaust saman med kvarandre og andre, set pris på andre sin kompetanse — og at vi feirar kvarandre.

#### Uredd

Verdien uredd handlar til dømes om at vi tør å utforske ukjent terreng, at vi tør å utfordre — og å bli utfordra, og at vi er ambisiøse på eigne og kvarandre sine vegner.



# Digdir sine roller og oppgåver

## Premissgivar

**Som premissgivar legg vi premissa, samordnar, gjer råd og er pådrivar for digitalisering**

- Gir regjeringa faglege råd om politikikutvikling
- Utviklar styrings- og finansieringsmodellar som fremmar digitalisering
- Vidareutviklar felles økosystem
- Skaper nye tenester gjennom meir og sikker deling og bruk av data
- Leiar og er sekretariat for Skate
- Samordnar og rettleiar offentlege verksemdar på informasjonssikkerheit
- Utviklar eit digitaliseringsvennleg regelverk som fjernar hindringar og set fart på digitaliseringa

## Iverksettar

**Som iverksettar set vi i verk tiltak, prosjekt og handlingsplanar i tråd med vedteken politikk**

- Realiserer livshendingane og skapar nye samanhengande tenester
- Konkretiserer strategiar og utviklar metodeverk
- Forvaltar støtte- og stimuleringsordningar som Medfinansieringsordninga, StimuLab og andre verkemiddel
- Er sekretariat for Digitaliseringsrådet og Arkitektur- og standardiseringsrådet

## Tilsyn


**Som tilsyn er vi tilsynsmyndigheit for universell utforming av nett, appar og automatar i både offentleg og privat sektor**

- Datadrive tilsyn med ikt-løysingar
- Informerer og rettleiar om regelverk
- Kunnskap om tilstand for universell utforming
- Bistand til regelverk og standardisering nasjonalt og internasjonalt
- Leverandør av løysing for tilgjengelegheits-erklæring – uustatus.no

## Leverandør


**Som leverandør leverer vi nye digitale fellesløysingar og forvaltar, vidareutviklar og utvidar bruken av eksisterande løysingar**

- Altinn
- Felles datakatalog
- ID-porten
- Kontakt og reservasjonsregisteret
- Digital postkasse
- eSignering
- ELMA
- eInnsyn
- eFormidling
- Maskinporten



# Organiseringa av Digdir

Digdir har kontorstad i Brønnøysund, Leikanger og Oslo. Verksemda har fire fagavdelingar med ansvar for ulike leveranseområde og produktgrupper. Vi har tre stabs- og støtteavdelingar og ei tverrgående marknadsgruppe. Tilsynet for universell utforming av ikt har ei særleg uavhengig rolle.




**87** ↑ 78  
 tilsette i Brønnøysund

**143** ↑ 142  
 tilsette i Leikanger

**154** ↑ 147  
 tilsette i Oslo

	Faste	Midlertidige	Lærlingar
<b>2023</b>	81	4	2
<b>2022</b>	76	1	1
<b>2021</b>	73	0	0
<b>2020</b>	68	4	0
<b>2023</b>	132	10	1
<b>2022</b>	132	8	2
<b>2021</b>	124	4	1
<b>2020</b>	121	7	2
<b>2023</b>	146	4	4
<b>2022</b>	138	6	3
<b>2021</b>	136	5	2
<b>2020</b>	112	8	4



# Leiinga



## Frode Danielsen

Direktør

Frode Danielsen har jobba med nasjonale fellesløysingar i 15 år, der han mellom anna har hatt ei sentral rolle i å bygge opp eit sterkt og leveransedyktig forvaltningsmiljø for løysingane. Danielsen er jurist frå Universitetet i Bergen.



## Nina Olsen Munthe

Avdelingsdirektør for fellesløysingar  
(fungerande sidan november 2022, fast tilsett 25. september 2023)

Nina Olsen Munthe har bakgrunn frå Skattetaten, der ho var avdelingsdirektør for Skattetatens rettleiingsteneste i Vest frå 2007-2016. Ho har leia seksjon for marknad- og tenesteoppfølging i avdeling for fellesløysingar i Digdir sidan 2016. Ho brenn for bruken av fellesløysingane for å forenkle, forbetre og effektivisere offentleg sektor og gjere det enklare for innbyggerane. Munthe Olsen er utdanna jurist frå Universitetet i Oslo.



## Espen Sjøvoll

Avdelingsdirektør for samanhengande tenester og livshendingar  
(frå 22. januar 2024. Birgitte Yttri fungerte i stillinga til 21. januar 2024)

Espen Sjøvoll har leiar- og digitaliseringsferfaring frå Direktoratet for e-helse, Arkivverket, departement og EVRY. Han har vore tonegivande i arbeidet med framtidens arkivering, og han var medlem i Arkivlovutvalget. Han er utdanna Cand. Polit. i samfunnsøkonomi frå Universitetet i Bergen.



## Malin Rygg

Tilsynsdirektør i Tilsyn for universell utforming av ikt

Malin Rygg har leia Tilsynet for universell utforming av ikt sidan 2013. Tilsynet har ansvar for å følgje opp forskrift om universell utforming av ikt-løysingar, knytt til likestillings- og diskrimineringslova. Rygg er jurist med erfaring frå blant anna Konkurransetilsynet og har tidlegare jobba som advokat og dommar.



## Guri Kaspara Lande

Avdelingsdirektør for digital strategi og samhandling  
(frå 7. august 2023. Kjetil Korslien fungerte i stillinga til 6. august)

Guri har erfaring som strategi- og kommunikasjonsdirektør frå Arkivverket, der ho har leia den digitale transformasjonen til Arkivverket. Ho har også har erfaring som konsulent i Caggemini Consulting der ho har vore ansvarleg for fleire prosjekt innan organisasjonsutvikling og digitalisering. Lande er utdanna sivilingeniør i industriell økonomi og teknologileiing.



## Sissel Sare

HR-direktør

Sissel Sare har lang erfaring som leiar og HR-direktør frå offentleg og privat sektor. Ho har jobba i Skatteetaten, og som HR- og kommunikasjonsdirektør i Oslo kommune. Sare har også fleire år i finans- og IT-bransjen, i Bluegarden og Gjensidige. Sare har utdanning i psykologi, organisasjon og leiing frå universitetet i Oslo og BI.



## Thuan Tande-Pham

Avdelingsdirektør for avdeling verksemdsstyring  
(frå 1. februar 2024. Gjertrud Eliassen fungerte i stillinga til november 2023)

Thuan Tande-Pham kom frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), kor han leia avdeling for forvaltning av økonomiregelverket. Tande-Pham er utdanna siviløkonom frå Norges handelshøyskole (NHH). Han har leiarutdanning frå Harvard og ein master i teknologileiing ved NTNU.



## Andreas Rafaelsen

Avdelingsdirektør for brukaroppleving og datadeling

Andreas G. Rafaelsen har jobba med utvikling av Altinn sidan 2010 og har hatt roller som arkitekt, løysingsansvarleg, og seinast leiar for utviklingsseksjonen sidan 2018. Han har også fleire års erfaring frå Kongsberg Spacetec, som prosjektleiar og utviklar. Rafaelsen er utdanna sivilingeniør i informatikk frå Universitetet i Tromsø.





## Onar Aanestad

Kommunikasjonsdirektør

Onar Aanestad har tidlegare hatt same stillinga i Difi og Statens pensjonskasse. Han har bakgrunn som konsulent frå Gazette og Styrkr, og han har arbeidd for Norges handikapforbund i Midtausten. Aanestad er statsvitar.

# Hovudtal

Nøkkeltal*	2019	2020	2021	2022	2023
Tal tilsette**		371	349	367	<b>374</b>
Tal avtalte årsverk**		361	338	356	<b>363</b>
Tal utførte årsverk***	306	330	311	326	<b>332</b>
Samla tildeling post 01-99	713 424 000	975 243 000	1 092 268 000	1 116 573 000	<b>1 087 667 000</b>
Utnyttingsgrad totalt på post 01-29	90,2 %	88,3 % ****	94,0 %	94,3 %	<b>95,0 %</b>
- korrigert for tilskotsordningar	92,4 %	94,1 % ****	98,2 %	96,8 %	<b>99,1 %</b>
- korrigert for tilskotsordningar og eID for ukrainske flyktninger				98,3 %	
Driftsutgifter	524 247 512	768 174 883	836 728 145	858 636 231	<b>935 144 105</b>
Lønsdel av driftsutgifter	54,4 %	40,8 %	36,4 %	36,9 %	<b>36,6 %</b>
Lønsutgifter per årsverk	932 805	949 142	979 491	970 798	<b>1 031 088</b>



\*Grunnlaget for tabellen er henta frå årsrekneskapan for 2019, 2020, 2021, 2022 og 2023

\*\* Talet på tilsette og talet på avtalte årsverk er henta frå Statistisk sentralbyrås (SSB) statistikk "12623: Tilsette i staten, etter eining". Opplysningane baserer på a-meldingar frå verksemda

\*\*\*Talet på årsverk er sum månadsverk i vald periode delt på talet på månadar i 2019. Talet på årsverk i 2020 - 2023 er inkl. overtid/ekstratimar fråtrekt fråvær = utførte årsverk. Talet på årsverk 2020 inkluderer utførte årsverk for avdeling for offentlege anskaffingar (ANS) fram til 31.08.2020. ANS vart overført Direktoratet for økonomistyring (DFØ) den 01.09.2020.

\*\*\*\* Utnyttingsgrad for 2020 er noko større enn tabellen viser. Berekninga for 2020 manglar korrigerings for offentlege refusjonar vedrørende lønn. Justert utnyttingsgrad ville høvesvis vore 89,4 % totalt for post 01-29 og 95,3 % totalt for post 01-29, korrigert for tilskotsordningar.

## Viktige hendingar

### Februar

- Frå 1. februar 2023 skal offentlege verksemder følge webdirektivet og er pålagt å ha ei tilgjengelegheitserklæring på nettstaden sin. Til fristen har 983 verksemder produsert erklæring.

- Maskinporten vert som første fellesløyning produksjonssett på ny skyplattform. Digidir er dermed i gang med første etappe i migreringa over på ny systemarkitektur.

- Stimulab-dagen 2023 vert arrangert 14. februar med rekorddeltaking. Det er 500 påmelde, og ei av tilbakemeldingane er at deltakarane er til stades for å bli inspirert og å sjå kva som rører seg i offentlig sektor. DOGA, Digidir og verksemdene presenterer erfaringar og læringspunkt frå innovasjonsarbeid som tek utgangspunkt i brukarane sitt behov og tilsette sin kunnskap.

- Skate publiserer erfaringsrapport for 2022, som mellom anna viser kva for råd Skate har gitt kommunal- og distriktsministeren og Digidir gjennom 2022.

### Januar

- Finansminister Trygve Slagsvold Vedum besøker Digidir sitt kontor i Leikanger. Digidir viste og forklarte kva vi jobbar med og potensialet knytta til utvikling av fleire samanhengande tenester, og gevinspotensialet som ligg i investeringar i digitalisering.

- Malin Rygg, direktør i Tilsynet for universell utforming av ikt, er i Dagens Næringsliv og debatterer. – Digital utanforskap løyser vi best ved å gå framover, ikkje bakover.

- Over 6 000 ukrainske flyktningar i Noreg har sidan 1. juli 2022 bestilt elektronisk ID (eID) for å få tilgang til offentlege tenester på nett.







## April

- Direktør Frode Danielsen er med i DigiUng-podden og snakkar om noko av det som er viktigast akkurat no for å gi unge dei tenestene dei har krav på.
- Digidir forbyr appane TikTok og Telegram på einigar som har tilgang til direktoratet sine system og tenester. Dette er etter eigne vurderingar og anbefalingar frå NSM.
- Digidir har stand på eKommune som har temaet "Digitalisering, tillit og demokrati". Direktør Frode Danielsen deltek i panelsamtale om same tema med avdelingsdirektør Asbjørn Finstad i KS og Lena Lindgren, kommentator i Morgenbladet og forfatter.
- Partnerforum arrangerer "Betre offentlege tenester med brukaren i sentrum". Digidir bidreg med innlegg om arbeidet med livshendingane og Stimulab.

## Mars

- «Digitalisering er for viktig til å bli overlatt til menn» var ein av parolane til en tilsett i Digidir då fleire tilsette i laga sine parolar i ein film til kvinnedagen 8. mars som blir delt i Digidir sine sosiale kanalar.
- Frode Danielsen vert 17. mars utnemnd av Kongen i statsråd som direktør i Digidir for ein periode på seks år.
- Digidir lanserer tverrsektoriell oversikt over offentleg bruk av kunstig intelligens (KI) saman med NORA.ai (Norwegian Artificial Intelligence Research Consortium). Oversikta gjer det enklare å orientere seg i korleis offentleg sektor nyttar seg av KI og viser at det dreier seg om meir enn 150 dokumenterte prosjekt.
- «Klart språk 2023: Krafta i klart språk» vert arrangert av KS, Språkrådet og Digidir 27. mars. Miljødirektoratet og Sunnfjord kommune får pris for godt arbeid med klart språk i stat og kommune i 2022.
- Tilsynet sender dei første pålegga om retting til verksemdar for mangel på tilgjengelegheitserklæring.
- Tilsynet varsla kontroll med seks kommunar og deira bruk av digitale læremiddel.

## Juni

- Stimulab deler ut seks millionar kroner til fire prosjekt: «Ingen sak med byggesak» ved Direktoratet for byggkvalitet, «Hender og ressurser må finne hverandre» ved Kriminalomsorgsdirektoratet, «Livshendelsen alvorlig sykt barn» ved Helsedirektoratet og «Tillitsreformen – større handlingsrom» ved NAV.
- Digidir lanserer rettleiar for ansvarleg bruk og utvikling av kunstig intelligens (KI). Rettleiaren skal gi konkrete råd for beste praksis i tråd med eksisterande og kommande regelverk for KI. Den er i «open beta» slik at innspel kan vere med på å forme rettleiaren i tida som kjem.
- Digidir lanserer rapporten «Digital hele livet med bedre brukeropplevelse» som omhandlar brukskvalitet på tvers av offentlege og digitale tenester.
- Kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik besøker Digidir i Brønnøysund. Statsråden får ei omvisning i lokala våre og han får demo av digitalt dødsbo i Altinn og av digital gravferdsmelding. Begge tenester ein del av livshendinga dødsfall og arv.
- Ein hovudlederanse i moderniseringsprosjektet til Altinn gjer det mogleg å reetablere dei fleste innsendingstenester. Dermed tek farten på re-etablering seg opp.

## Mai

- Stimulab får inn heile 34 søknader til søknadsrunden dette året. Desse vil få svar på søknadane sine i juni.
- Folkehelseinstituttet, Direktoratet for byggkvalitet og UDI er blant etatane som får midler når Digidir gir midlertidig tilsagn om medfinansiering på til saman 132,5 millionar.
- 15. mai leverer Digidir styringsdokumentasjonen som ligg til grunn for etableringen av Nye Altinn-programmet. I tillegg til Digidir omfattar dette Skatteetaten, Statistisk sentralbyrå og Brønnøysundregistra sitt arbeid med utfasing av Altinn II og overgangen til Altinn 3.
- Digitaliseringskonferansen 2023 vert arrangert 31. mai til 1. juni på The Hub i Oslo sentrum. Nærare 900 deltakarar får med seg konferansen. Tema for konferansen er «Tøffere tider – tid for lagspill.».
- På Digitaliseringskonferansen markerer vi at det i 2023 er 20 år sidan Altinn opna og 10 år sidan Tilsynet for universell utforming av ikt vart oppretta.
- Skate arrangerer fagdagar med strategiske tema som digitalisering og samhandling, kunstig intelligens, ny digitaliseringsstrategi og nasjonal sky – og møte statsråden.
- DigiUng-prosjektet til Helsedirektoratet, Direktoratet for e-helse og Bufdir blir stemt fram og vinn Digitaliseringsprisen 2023 på Digitaliseringskonferansen.

## August

- Statsminister Jonas Gahr Støre besøker Digidir i Brønnøysund. Digidir nyttar anledninga til å komme med nokre råd til statsministeren som han takkar for. Under besøket får han møte både tilsette og sommarcamparar i Digidir og Brønnøysundregistra.

- Statssekretær Gunn Karin Gjøl vitjar Digidir på arrangementet om samanhengande tenester, livshendingar og "kraftpakka" av virkemiddel i offentleg sektor.

- Digidir er på Arendalsuka med tre egne arrangement. Tilsynet for universell utforming av ikt står for eit av arrangementa: «Demokratisk utfordring – Skaper digitalt utenforskap et B-lag?» Regjeringa sin handlingsplan for auka digital inkludering er eit av temaa i ein panelsamtale med statssekretær Gunn Karin Gjøl og andre gjestar.

- Digidir er medarrangør på Sikkerhetsfestivalen 2023 som vert arrangert på Lillehammer 28.-30. august. Festivalen er eit samarbeidsarrangement mellom fleire verksemdar og organisasjonar som jobbar med sikkerheit i Noreg og vert opna av forsvarsminister Bjørn Arild Gram.


- Guri K. Lande startar i stillinga som avdelingsdirektør for digital strategi og samhandling (Oslo).

## Juli

- Digidir arrangerer sommarcamp innan IT, design, juss og forvaltningsinformatikk i Leikanger og Brønnøysund, kor studentar får bryne seg på relevante utfordringar. I Leikanger skal studentane finne ein måte å forenkle brukarflyten i ID-porten og semiautomatisere kontrolloppgåver for Tilsynet. I Brønnøysund er oppgåva å finne ut korleis ny teknologi kan gjere det enklare å søke om skjenkebevilling.

- Lov om Digitaliseringsdirektoratet sin tilgang til taushetsbelagte opplysningar i Folkeregisteret og tilhøyrande forskrift trer i kraft 1. juli. Digidir sin tilgang til desse opplysningane er avgjerande for fleire av oppgåvene og produkta våre.

- Juli blei prega av mange medieoppslag om at Politiet hadde sendt bekymringsmeldingar til barnevernet som feil meldingstype i Altinn, slik at meldingane ikkje vart fanga opp av mottakarane.



## Oktober

- elnnsyn og innsynsretten vert markert på jubileumsmarkeringa «30 år med digitalt innsyn» der eit hundretal med representantar frå presse-Noreg, forvaltninga og akademien følger markeringa i Pressens Hus.

- Digidir markerer den nasjonale sikkerheitsmånaden for ein trygg digital kvardag med å arrangere fleire foredrag om ulike tema knytt til sikkerheit. Fleire av foredraga er i samarbeid med Brønnøysundregistra.

- Tilsynet for universell utforming av ikt har vidareutvikla løysinga for tilgjengelegheitserklæringa, som til no har omfatta nettstader. No opnar tilsynet tilgjengelegheitserklæring også for appar på uustatus.no.

- Digidir markerer verdsdagen for psykisk helse 10. oktober, der tema er «lag plass».

- Alle norske kommunar har no tilgjengelegheitserklæring, melder Tilsynet.

- Altinn endrer nettadresse til info.altinn.no. Årsaka til dette er at Altinn informasjonsportal flyttar til skya.

- Digidir arrangerer si første felles samling i Oslo for alle tilsette sidan direktoratet vart oppretta 1.1.2020.

## September

- Brukarrådet 2023 for fellesløysingane vert arrangert som eit heildigitalt og gratis arrangement over to dagar. Det er over 1 100 påmelde deltakarar. Temaet er «Bygg moderne tjenester – på trygt fundament».

- Digidir arrangerer innspelsmøte til den nye digitaliseringsstrategien for statlege verksemdar.

- Erklæring om identitetsmatching på tvers av grensene i dei nordiske og baltiske landa vert signert på Island. Arbeidet er eit godt eksempel på internasjonalt arbeid som gjev konkrete resultat. Digidir leiar NOBID-prosjektet.

- Nina Olsen Munthe vert tilsett som avdelingsdirektør for fellesløysingar.



## Desember

- Altinn fyller 20 år 4. desember. Dette vart markert på Digitaliseringskonferansen i juni. Denne dagen er det intern markering hos Digidir. Paul Chaffey frå Halogen skriv på Digitaliseringsbloggen om Altinn 20 år.
- Ny digitaliseringsminister Karianne Tung besøker Digidir i Oslo. Statsråden møter toppleiargruppa i Digidir og det er tid til diskusjon og dialog.
- Digidir leverer ny versjon av styringsdokumenta for moderniseringa av Altinn og får eit formelt mandat og ei bestilling frå departementet på å etablere programmet Nye Altinn.
- Digidir-tilsett er ny komitéleiar for KI-standardisering. Odd Arne Sætervik leier Standard Norges komité for kunstig intelligens.
- Første møte i nytt samarbeidsforum for digital inkludering vert arrangert. Forumet skal bidra til samhandling og koordinering for å auke befolkninga si digitale deltaking og kompetanse. Digidir skal vere sekretariat for forumet.
- Digidir offentliggjør at Espen Sjøvoll er tilsett som avdelingsdirektør for samanhengande tenester og livshendinger og at Thuan Tande-Pham er tilsett som avdelingsdirektør for verksemdsstyring.

## November

- Digitaliseringsrådet lanserer årets erfaringsrapporten «Meir fart mot betre løysingar» og presenterer rapporten i eit eige seminar 1. november.
- Digidir deltek på kampanjen 50-in-5. Altinn blir trekt fram som eit godt eksempel på digitalt fellesgode.
- Nordisk ministerråd sitt Cross Border Digital Services (CBDS)-seminar vert arrangert for første gong 9. november i København. Digidir er sekretariat for CBDS-programmet og står i spissen for arrangementet.
- Nye ID-porten flyttar rundt 90 prosent av tenestene og trafikken over på ny plattform.
- Digidir lanserer nynorsk-november internt i organisasjonen for å få tilsette til å skrive meir nynorsk. Målet er å auke nynorsk-andelen og engasjementet.
- Fungerande avdelingsdirektør i verksemdsstyring, Gjertrud Eliassen, sluttar i Digidir (permisjon).
- Tilsynet avslutta tilsynet med bruk av digitale læremiddel i kommunane utan sanksjonar.
- Digidir-tilsett Sigbjørn Råsberg vert utnemnd til ny leiar for den europeiske, strategiske rådgjevingsgruppa for tilgjengelegheit (Strategic Advisory Group on Accessibility – SAGA). SAGA arbeider med å inkludere universell utforming i alt relevant standardiseringsarbeid på europeisk nivå, etablert av dei europeiske standardiseringsorganisasjonane CEN og CENELEC.

## Felles økosystem for nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling

**Vi bruker ordet "økosystem" for å forklare korleis alt heng saman med alt i naturen. Samanlikninga med digitalisering er openberr.**

Vi kan lære mykje av økosystemet i naturen, og korleis dei levande organismane utnyttar alle ressursane i miljøet dei lever i. Vi kan nytte tanken om økosystem for å skildre korleis vi kan samarbeide, samhandle og dele dei digitale ressursane. Difor snakkar vi om eit felles økosystem for nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling.

For å skape auka verdiar for samfunnet og sikre ein betre kvardag for meg og deg, må vi samordne oss og samarbeide om digitaliseringa av Noreg. Vi må jobbe smidigare, smartare og meir berekraftig med digitalisering. Vi må dele på ressursane og sikre samhandlingsevne.

### Kva er felles økosystem?

Felles økosystem skal bidra til at vi evnar å samarbeide, samhandle og dele på tvers av sektorar, fagområde og bransjar. Dei [nasjonale arkitekturprinsippa](#) set viktige premisser for felles økosystem, i tillegg har vi felles rammevilkår som styring, finansiering og regelverk og ei rekkje felles løysingar, rettleiingar og standardar. Vi kan hente ut store gevinstar ved å tenkje heilskapleg og dele, og unytte desse felles ressursane framfor å digitalisera kvar for oss.

### Heilskapleg digitalisering er kjerna i Digidir sitt samfunnsoppdrag

Dersom vi skal makte å utvikle gode, digitale tenester, må vi sjå heilskapen og forstå korleis tenestene heng saman sjølv om det er mange aktørar involvert. Her kjem felles økosystem for nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling inn.

Felles økosystem skal bidra til auka deling av data, at vi kan bruke fellesløysingar og tekniske plattformer på nytt, og at vi aukar samhandlingsevna ved å følge dei nasjonale arkitekturprinsippa, nyttar felles standardar og følger beste praksis.

Digidir har ei viktig oppgåve med å bidra til at vi utviklar felles økosystem. Identifisere behov for fellesløysingar og andre ressursar som ikkje er dekkja i dag. Sikre rammevilkåra som trengst. Slik kan vi enklare utvikle brukarretta, samanhengande, sikre og effektive digitale tenester.

## Samhandling er ein føresetnad for å skape éin digital offentleg sektor

I økosystemet for nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling samarbeider statlege, kommunale, private og frivillige organisasjonar – om å utvikle brukarvenlege tenester som heng saman. Forvaltningsnivåa må samarbeide for å løyse juridiske, organisatoriske, semantiske og tekniske problemstillingar. Skal felles økosystem fungere godt, må det legges til rette for riktig organisering, finansiering og regelverk.

To døme på felles behov vi allereie har identifisert, er eID for alle og ei fullmaktsløsning. Dei to vil løyse utfordringar i fleire av livshendingane. Digdir jobbar saman med Skate og andre for å identifisere og ha oversikt over framtidige behov i felles økosystem.

God samhandlingsevne er nødvendig for å nå dei enkelte verksemdene og regjeringa sine mål om digitalisering. For å oppnå dette, er det viktig med god samhandlingsarkitektur som legg til rette for at verksemdar kan samhandle og bruke informasjon på nytt frå andre. Eit viktig mål er at økosystemet skal gjere det mogleg å lage samanhengande tenester, medrekna dei sju livshendingane regjeringa har prioritert fram mot 2025.



**“Digdir er ein arbeidsplass der ein aldri sluttar å lære. Det kan vere utfordrande, men først og fremst utviklande og gøy. Teamet mitt jobbar for at vi skal forvalte, dele og bruke data i offentleg sektor betre som ein felles ressurs.”**

Øystein Åsnes (51), teamleiar, avdeling digital strategi og samhandling, seksjon nasjonalt ressurscenter for deling og bruk av data, Leikanger

## Slik jobbar vi med innovasjon

**Innovasjonsarbeidet i Digidir handlar om å løyse samfunnsutfordringar, ikkje minst i arbeidet med samanhengande tenester og livshendingane. Digidir har ei rekke tilsette, verkemiddel og ordningar som bidreg til betre løysingar som skaper verdi for verksemdar, innbyggjarar og næringsliv.**

Eit av hovedmåla for Digidir er å samordne digitalisering og innovasjon slik at det møter brukarane sine behov og sikrar ei effektiv offentleg forvaltning. Innovasjon er per definisjon eksperimentierende og løysinga er ukjent. Den raske teknologiske utviklinga krev kontinuerleg vidareutvikling av digital kompetanse for innovasjon, omstilling og datadriven innovasjon. I Digidir er vi avhengige av innovasjon i store deler av arbeidet vårt, anten vi skal vidareutvikle eller skape nye fellesløysingar, støtte dei vi er til for eller finne heilt nye løysingar på framtidige utfordringar. Arbeidet med informasjonsforvaltning og deling av data skal bidra til næringsutvikling og innovasjon i offentleg sektor, og vi skal bruke innkjøp til å fremme innovasjon og nytenking. Våre utviklingsmiljø har jobba smidig i mange år, og DevOps er ein naturleg del av vår metodikk. Vi har også eit eige fagmiljø for brukaroppleving med design- og innhaldskompetanse.

### Vi stimulerer til innovasjon

- Stimulab støttar og stimulerer til brukarorientert eksperimentering og nyskaping i forvaltninga. Det spesielle med Stimulab er at arbeidet startar i tidlegfasen og at mange verksemdar og sektorar må finne nye arbeidsformer og løysingar for å kunne hjelpe brukarane.
- Medfinansieringsordninga skal gjere det mogleg å realisere lønsame digitaliseringstiltak med store gevinstar, ofte prosjekt der verksemda som må gjere jobben får kostnadene, medan andre verksemdar får gevinstane.
- Det offentlege kjøper tenester for over 740 milliardar kroner i året. Digidir har

samarbeidd med DFØ i StartOff, som koblar oppdragsgivarar og startups. StartOff gjennomførte fire prosjekt i løpet av 2023, mellom anna eit prosjekt for å forbetre informasjonen til pårørande for alvorleg sjuke barn. StartOff fekk ikkje budsjettmidlar for 2024 og vart avvikla ved årsskiftet.

- Digitaliseringsrådet gir råd til og hjelper leiarar for statlege verksemdar å lukkast med digitaliseringsprosjekt og endringsprosessar. I den årlege erfæringsrapporten deler Digitaliseringsrådet sine funn og tilrådingar.
- Digidir er også med i Digital Samhandling Offentlig Privat (DSOP), eit samarbeid mellom offentlege verksemdar og finansnæringa. Oppgjer etter dødsfall, eit delprosjekt under livshendinga dødsfall og arv, er eitt av samarbeidsprosjekta i regi av DSOP.
- Digidir er ein aktiv part i både nasjonale og internasjonale innovasjonsnettverk, kor vi deler kunnskap og erfaringar for å auke innovasjonsevna og verdiskapinga i både offentleg og privat sektor.
- Digidir fremjar **klart språk**, mellom anna gjennom digitalisering og innovasjon. I 2022 lanserte vi ein retteleiar som viser korleis verksemdar og tilsette kan bruke klart språk som eit verktøy i utvikling av digitale tenester frå prosjektoppstart til ferdig løysing.



- Digdir brukar framsynsmetodikk for å stimulere til ein meir langsiktig offentleg sektor som er betre rusta til framtida i ei usikker tid. Vi byggjer og formidlar kunnskap som aukar framtidskompetansen i forvaltninga på mange arenaer. I 2023 var hovedbidraget innspel til ny digitaliseringsstrategi. Digdir deltek i arbeidsgruppa Anticipatory Governance i Observatory of Public Sector Innovation (OPSI), eit initiativ under OECD.

### Innovation@digdir: vårt eige innovasjonsmiljø

Offentleg sektor må levere betre tenester for færre kroner for å møte utfordringane som ligg føre oss. Det krev evne til innovasjon. Innovation@digdir er Digdir sitt eige innovasjonsmiljø – eit nettverk og fellesskap der vi stimulerer til idéutvikling og til å ta idéane vidare mot konkrete løysingar. I 2023

- arrangerte Innovation@Digdir ein hackathon – med 80 deltakarar frå offentleg og privat sektor – rundt generativ KI med temaet Korleis utnytte kunstig intelligens i offentlege tenester?. Hackathonen resulterte i 9 prototypar.
- utforska og testa vi korleis nasjonale fellesløysningar kan understøtte nye måtar å utvikle offentlege tenester på.
- gjennomførte vi samarbeidskonseptet «DFØ-Digdir Open» med sju arrangement og totalt over 600 deltakarar for å styrke og spreie innovasjonskompetanse på digitalisering.
- støtta vi innovasjonsmiljø som DigiUng, Utanriksdepartementet, NAV og Skattedirektoratet med innovasjonskompetanse.

### Vi utviklar oss

Eit av dei strategiske måla i Digdir sin strategi er eit internt organisasjonsmål. Mål 4, "Digdir skal vere ein nytenkande og attraktiv organisasjon", har som delmål å utvikle ein fleksibel og lærande organisasjon og at Digdir skal ta i bruk nye arbeidsmåtar og eksperimentere med teknologi for å innovere og skape verdier.



**“Som lærling i Digdir får eg utforske det siste innan teknologi og oppleve ein arbeidskvardag som er like fleksibel som den er lærerik. Det er ein fantastisk moglegheit til å vekse både profesjonelt og personleg.”**

Andreas Chummuenwai Bjørnå (18), lærling i IT-utviklarfag, avdeling brukaroppleving og datadeling, Brønnøysund

## Fellesløysingar: moderne digitale byggeklossar for alle

Dei nasjonale fellesløysingane er sentrale «byggeklossar» i Noregs felles digitale infrastruktur og økosystem. Løysingar som ID-porten, Kontakt- og reservasjonsregisteret, Altinn og elnnsyn er utvikla for å løyse felles behov ein gong – og blir forvalta sentralt. Det er god samfunnsøkonomi og berekraft i praksis.

Det offentlege skal stadig levere fleire, betre og samanhengande tenester som gir auka verdi for brukarane og større gevinstar for forvaltninga. Samstundes skal det skje raskare og innanfor stadig strammare budsjett, og vi må ivareta sikkerheit og stabilitet i løysingane.

Ved å ta i bruk og gjenbruke fellesløysingar, sparar forvaltninga tid og pengar fordi ein slepp å utvikle all funksjonalitet frå starten. Fellesløysingane sikrar også standardiserte grensesnitt mot fagsystem levert av markedsaktørar. Samla nettogevinst berre for 2023 for fellesløysingane utanom Altinn er berekna til nærmare éin milliard kroner. Frå tidlegare undersøkingar er det kjent at næringslivet gjennom bruken av Altinn blir spart for ein tidsbruk tilsvarande 15 milliardar kroner årleg.

Potensialet er framleis stort. Riksrevisoren har slått fast at Noreg i mindre grad enn andre land klarer å ta ut dei økonomiske gevinstante frå digitalisering.

**"Vi har eit utal ulike IT-løysingar i staten, eigne løysingar for kvar fylkeskommune og 356 ulike løysingar for kommunane. Kvifor skjærast det ikkje igjennom slik at vi får meir samanhengande løysingar?"**

Riksrevisor Karl Eirik Schjøtt-Pedersen,  
Forbedringskonferansen, november 2023

## Smart for alle

Det er smart å satse på fellesløysingar. Verksemdene kan prioritere eigen kompetanse og ressursar på å bygge gode, innovative, trygge og brukarretta tenester som innbyggjarar og samfunn treng.

Digdir jobbet i 2023 videre med initiativet «Felles sikkerhet i forvaltningen». Det er etablert en styringsgruppe, ledet av Digdir, med representanter fra Datatilsynet, Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM), KS, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) og Direktoratet for e-helse (Helsedirektoratet fra 1.1.2024). Det er videre etablert en arbeidsgruppe som sammen jobber med å beskrive et felles mål bilde for anbefalinger og veiledning til arbeidet med informasjonssikkerhet i offentlige virksomheter. Målbildet skal fungere som en felles målsetning for samarbeid og styre utviklingen av anbefalinger og veiledning fremover.

Et element i det å arbeide for samordnet veiledning til offentlige virksomheter er også å bidra inn i arbeidet som gjennomføres av andre veiledningsaktører, for å sikre best mulig sammenheng mellom ulike veiledningsprodukter og hjelpemidler som blir utarbeidet. I 2023 har Digdir blant annet bidratt i Foreningen kommunal informasjonssikkerhet (KiNS) sitt arbeid med hjelpemidler og dokumentmaler for styringssystem (ISMS), og KS sitt arbeid med sikkerhetskrav i anskaffelser for kommunesektoren.

I tillegg bidro Digdir i Bufdirs gjennomgang av svikt i tekniske løsninger for elektronisk bekymringsmelding til barnevernet.

### **Delmål 2: Forvaltningen arbeider systematisk med styring og kontroll på informasjonssikkerhet og mottar nødvendig veiledning.**

For å understøtte direktoratets arbeid er det også gjennomført ulike aktiviteter for å bygge fagmiljøets oversikt og kunnskap om behov på området, slik at man sikrer utarbeidelse av nødvendig veiledning.

Digdir har også jobbet videre med konseptutvikling av enkelte av tiltakene presentert i [notatet «Felles sikkerhet i forvaltningen»](#) i 2022.

Digdir jobbet høsten 2022 og våren 2023 med en prototype av en katalog over oppgaver og informasjonstyper, og gjorde seg mange erfaringer knyttet til hvordan et slikt arbeid kan legges opp. Det ble også gjennomført en kartlegging av ulike råd og veiledning som finnes knyttet til vurdering av konsekvenser. Begge disse arbeidene vil brukes som grunnlag i det videre arbeidet med felles sikkerhet i forvaltningen.

Høsten 2023 startet også arbeidet med å gjennomføre en ny undersøkelse om arbeidet med informasjonssikkerhet i statsforvaltningen. Undersøkelsen er en oppfølging av undersøkelsen som ble gjennomført i 2018, og gjennomføres første halvår 2024.

Statens kompetansemiljø for informasjonssikkerhet har holdt en rekke foredrag i 2023, både på større konferanser, og for enkeltvirksomheter/kommuner. Tema for foredragene har blant annet vært styring og kontroll av informasjonssikkerhet i en virksomhet, bruk av «Stifinneren», og initiativet **Felles sikkerhet i forvaltningen**. Digdir var også samarbeidspartner og hadde et eget spor på Sikkerhetsfestivalen.

I tillegg er Nettverk for informasjonssikkerhet i offentlig sektor (NIFS) en møteplass og arena for erfaringsdeling. Det er også i 2023 gjennomført fem møter, med god deltagelse. Temaer på møtene har blant annet vært **ledelsens gjennomgang, øvelser og KI og sikkerhet**.

### **Status for informasjonssikkerheten i forvaltningen**

- På spørsmål fra SSB vurderer kommunene egen måloppnåelse som lavere enn stat og fylkeskommune
- Til tross for et risikobilde der man ser en økning i hendelser (NSM), viser tallene fra SSB at færre statlige virksomheter og fylkeskommuner bruker erfaringer fra hendelser i vurdering av risiko og/eller forbedring av informasjonssikkerheten
- Datatilsynets brevtilsyn med norske kommuner og fylkeskommuner viste blant annet at ca 2/3 av respondentene i svært liten grad hadde en overordnet sikkerhetsstrategi, og at majoriteten av kommunene manglet en tilstrekkelig overordnet retningslinje for arbeidet med vurdering av risiko.


### **Utfordringer**

Arbeidet med informasjonssikkerhet er fortsatt krevende for de enkelte virksomhetene. Det er utfordrende å holde oversikt over hvilke regelverk som gjelder, ny regulering som kommer til, og hvilke myndighetsaktører og veiledere de skal forholde seg til. Dette er utfordringer vi har vært kjent med i mange år, og den må løses gjennom bedre samordning av relevante myndighetsaktører.



### **Prioriteringer og tiltak**

Det videre arbeidet med Felles sikkerhet i forvaltningen vil bidra til et bedre veiledningstilbud til brukerne. Dette arbeidet fortsetter inn i 2024. Aktørene samarbeider om et felles målbilde, som skal fungere som felles målsetning for samordnet innsats på området. Videre arbeid vil være basert på dette målbildet, og vil startes i samarbeid med aktuelle veiledningsaktører. Målsetningen er et nasjonalt løft for informasjonssikkerhet generelt og digital sikkerhet spesielt.





# Internasjonalt

Mål	Resultat	Prioriteringer og tiltak	Måloppnåelse
<b>1</b> Arbeide for god oppfølging av norsk deltakelse i EU-programmet DIGITAL.	<ul style="list-style-type: none"><li>I 2023 har Digdir representert Norge på møter hos EU for å ivareta norske interesser i utvikling av DIGITAL-programmet. Vi har mobilisert til norsk deltakelse i programmets utlysninger i samarbeid med Innovasjon Norge og Norges forskningsråd. Vi har prioritert dialog med strategiske samarbeidspartnere, arrangert åpne informasjonsmøter, vært til stede på formidlingsarenaer og publisert informasjon via våre digitale informasjonskanaler. 25 avtaler er inngått mellom EU og norske virksomheter for finansiering av samarbeidsprosjekter, med mål om å fremme den grønne omstillingen og digitale transformasjonen i Norge og Europa. Digdir deltar i DIGITAL-prosjekter knyttet til eID og blokkjede-teknologier, delfinansiert av EU-kommisjonen.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Det er behov til å sikre gode rammevilkår for norske virksomheters deltakelse i DIGITAL. Det er behov for å styrke offentlige virksomheters forståelse av hvordan deltakelse i DIGITAL-programmet kan styrke deres tjenestetilbud, oppfølging av gjeldende regelverk og digitale transformasjon. I 2024 vil vi rette innsatsen i oppfølging av programmet i større grad mot offentlig sektor. Vi skal løfte frem eksempler og erfaringer fra norske aktørers deltakelse i europeiske samarbeidsprosjekter, for å avdekke behov og synliggjøre mulighetene som norsk deltakelse i DIGITAL-programmet gir.</li></ul>	 Delvis oppnådd
<b>2</b> Fortsette å delta aktivt i det nordisk-baltiske samarbeidet (Digital North).	<ul style="list-style-type: none"><li>På vegne av Nordisk ministerråd har Digdir i 2023 fulgt opp rollen som sekretariat for «Cross-Border Digital Services Programme» (CBDS). Vi har koordinert prosesser og styrket forhold for implementeringen av forordningene som eIDAS og Single Digital Gateway (SDGR). NOBID-samarbeidet, som ledes av Digdir, er sentralt i dette arbeidet. Vi har også ledet et nordisk nettverk for drøfting av EU-lovgivning som gjelder deling av data og utvikling av kunstig intelligens. Vi har også deltatt i et nordisk nettverk for innføring av EUs webdirektiv (WAD).</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>CBDS-programmet varer ut 2024. Vi skal bygge på resultater og erfaringer høstet fra vårt arbeid som sekretariat for programmet og andre nordisk-baltiske samarbeidsprosjekter. Underlaget skal brukes for å fortsette arbeidet med å avdekke og møte forutsetningene som må oppfylles for vellykket digital samhandling i Norden og Baltikum.</li></ul>	 Oppnådd

## Norsk deltakelse i prosjekter under DIGITAL Europa-programmet

### 25 norske søknader har fått gjennomslag i DIGITAL



To år inn i DIGITAL er det inngått 25 avtaler med EU-kommisjonen for finansiering av prosjekter der norske virksomheter deltar.

### Samarbeid om utveksling av genomdata



ELIXIR Norge deltar i et DIGITAL-støttet samarbeidsprosjekt som skal sikre bedre tilgjengelighet til humane genomiske og kliniske data på tvers av Europas landegrenser.

### Lettere tilgang til værdata



Meteorologisk institutt deltar i et prosjekt kalt RODEO, som finansieres av DIGITAL og EUMETNET. Prosjektet handler om å gjøre meteorologiske data i Europa mer tilgjengelige, og å utvikle verktøy for å enklere ta i bruk disse dataene.

### Regjeringen har satt av midler til drift av EDIH



Mot slutten av 2023 satte regjeringen av 20 millioner kroner til medfinansiering og oppfølging av de to norske europeiske digitale innovasjonsnavene (EDIH), Nemonoor og Oceanopolis.

### Etablering av Nasjonalt koordiningscenter for cybersikkerhet



Norges forskningsråd og Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) arbeider for å etablere Nasjonalt koordiningscenter for forskning og innovasjon innen cybersikkerhet (NCC-NO). Senteret er et sentralt tiltak i DIGITAL-programmet og er forventet å være i drift i løpet av 2024.

### Nye studieprogrammer innen vind- og energisystemer



Prosjektet DigiWind, som NTNU er en del av, har fått støtte gjennom DIGITAL til å utvikle tverrfaglige og spesialiserte utdanningsprogrammer innen vind- og energisystemer.

## Internasjonalt

**2023 ble året hvor kunstig intelligens og bekymringer knyttet til digital sikkerhet tok Norge med storm. Vi ser et økende behov for at Norge drar større nytte av EU sitt regelverk og arbeid for å adressere utfordringene som følger med nye teknologier, samtidig som vi utnytter mulighetene som europeisk samarbeid gir.**

### Mål

I Digidirs tildelingsbrev fra Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) for 2023, ble Digidir bedt om å 1) arbeide for god oppfølging av norsk deltakelse i EU-programmet DIGITAL, og 2) delta aktivt i det nordisk-baltiske samarbeidet (Digital North). Derfor rapporterer vi primært på disse. Digidir har en rekke andre internasjonale aktiviteter som en naturlig del av vårt arbeid på ulike fagområder. I tillegg tar Digidir jevnlig imot delegasjoner fra andre land for å dele kunnskap og fremme samarbeid om digitalisering.

### Resultater

#### Delmål 1: Oppfølging av norsk deltakelse i EU-programmet DIGITAL

I 2023 samarbeidet Digidir med Innovasjon Norge og Norges forskningsråd for å sikre god og effektiv oppfølging av norsk deltakelse i DIGITAL Europa-programmet (2021-2027). Et av hovedmålene med oppfølgingen av DIGITAL, er å påvirke utviklingen i programmet på EU-nivå. Derfor deltok vi aktivt på DIGITALs programkomitémøter i 2023. Vårt innspill ble tatt med i EUs nye arbeidsprogram for DIGITAL for perioden 2023-2024.

Vi jobber også for å mobilisere norske aktører til å dra nytte av muligheter i programmet. I 2023 prioriterte vi dialog med strategiske samarbeidspartnere,

arrangerte åpne informasjonsmøter, var til stede på relevante formidlingsarenaer og publiserte informasjon om programmets utlysninger via våre digitale informasjonskanaler. Deltakelse i "Tverrsektoriell samordningsarena" (TSA), ledet av Helsedirektoratet, har også vist seg å være nyttig. Arenaen identifiserer helsesatsinger i samtlige EU-programmer for å sikre god koordinering og mobilisere til norsk deltakelse.

To år inn i DIGITAL inngår norske offentlige og private virksomheter i 25 avtaler med EU-kommisjonen for finansiering av prosjekter. Av disse 25 avtalene deltar Digidir i prosjekter som gjelder utvikling av infrastruktur for blokkjede-teknologi og pilotering av EUs digitale lommebok.

#### Delmål 2: Aktiv deltakelse i det nordisk-baltiske samarbeidet

I 2023 har Digidir fulgt opp avtalen med Nordisk ministerråd om å være sekretariat for «Cross-Border Digital Services Programme» (CBDS). Programmet legger til rette for utvikling av grenseoverskridende digitale tjenester, særlig knyttet til det å jobbe, studere og drive forretninger på tvers av landegrenser i Norden og Baltikum. Det nordisk-baltiske samarbeidet på eID-området, kalt NOBID, inngår i porteføljen til CBDS-programmet og ledes av Digidir. I 2023 jobbet CBDS-sekretariatet for å styrke forhold og prosesser som vil understøtte grensekryssende interoperabilitet i Norden og Baltikum. Vi har lagt vekt på identitetsmatching og forhold rundt fullmakt som vil støtte implementeringen av

electronic Identification, Authentication and Trust Services- (eIDAS) og Single Digital Gateway-forordningen (SDGR). Vi presenterte de foreløpige resultatene fra CBDS-programmet i november 2023 på et heldagsseminar i København.

Digdir ledet også i 2023 Nordic-Baltic Working Group on Regulatory Issues (NOBAREG). NOBAREG er et nordisk-baltisk nettverk finansiert av Nordisk ministerråd. Nettverket legger til rette for meningsutveksling og drøfting av EU-lovgivning som er særlig relevant for deling av data og utvikling av kunstig intelligens i Norden og Baltikum. Ved å lede nettverket, får Digdir kunnskap som styrker premissgiverrollen vår. Vi kan gi råd til departementene om hvordan Norge kan implementere EU-regelverk og fordele tilhørende myndighetsroller. Tilsynet for universell utforming av ikt er også til stede på Nordic-Baltic Accessibility Network (NOBAN), et nettverk som legger til rette for erfaringsdeling med naboland om innføringen av EUs webdirektiv (WAD).

## Utfordringer

I 2023 falt Norge på internasjonale rangeringer på digitaliseringsområdet, ESA sendte ut varselsbrev til Norge om at vi ikke oppfyller digitaliseringskrav i tråd med EØS-avtalen, norske departementer ble utsatt for cyberangrep og kunstig intelligens ble allemannseie gjennom bruk av ChatGPT.

Digdir ser et klart behov for å jobbe mer proaktivt innenfor rammen av EU og det nordisk-baltiske samarbeidet. DIGITAL Europa-programmet er et verktøy som kan bidra til å ruste Norge for den digitale fremtiden. Norge utnytter imidlertid ikke samarbeid med EU fullt ut på digitaliseringsområdet. Det finnes ingen nasjonal strategi med tydelige målsettinger for europeisk samarbeid innen digitalisering. Rammene for omfattende mobiliserings- og kommunikasjonstiltak er ikke tilstrekkelige. Det finnes heller ikke medfinansieringsmidler til norske virksomheter for å støtte deres deltakelse i DIGITAL-programmet.

I nær framtid kommer et stort antall lover og nytt regelverk med konsekvenser for digitalisering i Norge og Digidirs ansvarsområder. Det vil kreve en vesentlig høyere ressursinnsats for å møte denne bølgen.

## Prioriteringer og tiltak

I 2024 ser Digdir behov for sikre gode rammevilkår og samordne innsatsen hos offentlige aktører, slik at vi kan realisere potensialet som ligger i Norges samarbeid med EU. Topplederorganet Skate har et uforløst potensial til å øke offentlig sektors bevissthet om, samordne innsatsen rundt og synliggjøre verdien av europeisk og nordisk-baltisk samarbeid innenfor digitalisering.

Vi ser et særlig behov for å styrke offentlige virksomheters forståelse av EUs eksisterende og kommende digitaliseringsregelverk som innlemmes i norsk lov. Slike regelverk skal være til hjelp for digitalisering og samfunnets utvikling, ikke til hinder. Som regjeringens fremste verktøy for digitalisering av offentlig sektor, må Digdir spille en sentral rolle i spørsmål om og diskusjoner rundt EUs digitaliseringspolicy og regelverk.

I 2024 vil vi i større grad dele eksempler og suksesshistorier om norske virksomheter som deltar i europeiske samarbeidsprosjekter. Målet er å avdekke behov og inspirere flere norske virksomheter til å dra nytte av mulighetene Norges samarbeid med EU representerer.

## Nye Altinn: Vi bygger mens vi flyr

**Sjå for deg at du er pilot i eit fullt fly, samtidig som du bygger eit nytt, betre og sikrare fly – og at du også skal sørge for at passasjerane kjem trygt over i det nye flyet. Alt mens de framleis er i lufta - du kan ikkje parkere det første flyet mens du bygger nytt. Omtrent slik kjennest det å ha ansvar for å lage ein heilt ny versjon av den samfunnskritiske digitale plattformen Altinn.**

Vi driv ikkje med luftfart i Digitaliseringsdirektoratet. Men i juni 2026 kjem vi til å parkere den utgåva av Altinn dei fleste kjenner, slukke lysa i cockpit og kabin og smekke igjen døra. Innan den tid må alle verksemder som bruker Altinn til å levere tenester, ha reetablert tenestene sine på ei ny og modernisert utgåve av plattformen. Fram til alle er trygt om bord der må «gamle» Altinn vere operativ – viss ikkje vil det få alvorlege konsekvensar for etatar, næringsliv og innbyggjarar.

Nokre delar av den nye plattformen er på plass, og nokon har allereie tatt dei i bruk og er svært godt nøgde med fordelane dei gir, men størstedelen av bygginga og prosessen med å få alle tenestene over på ny plattform står att.

I denne artikkelen fortel vi litt om bygge- og flyttearbeidet vi, saman med mange av «flypassasjerane», står midt i.

Men først litt historie.

### 21-åringen Altinn

På starten av 2000-tallet brukte norske bedrifter meir enn 7 300 årsverk på å rapportere til offentlege myndigheiter. Då Altinn blei lansert i 2003 var målet å gjere det enklare for næringslivet å rapportere.

Sidan den gong har Altinn i stadig større grad gjort akkurat det. I dag er Altinn i tillegg ei plattform som offentlege verksemder kan nytte for å lage digitale tenester på ein enkel og samfunnsøkonomisk smart måte.

Til tross for ei oppussing i 2010-2012 er teknologien i dagens Altinn altså meir enn 20 år gammal. Dei fleste 20-åringar er spreke og vitale – men det gjeld ikkje når vi snakkar om teknologi.

Vel 20 år etter oppstarten er Altinn definert som ei samfunnskritisk, nasjonal fellesløsning som gjer vesentlege gevinstar knytt til samhandling, effektivisering og standardisering.



## Utan Altinn stoppar Noreg

Tal for 2023 viser at i dag

- bruker 500 etatar, fylkeskommunar og samarbeidspartnarar Altinn til å levere heilt nødvendige tenester vi som innbyggjarar og dei fleste bedrifter er avhengige av.
- sender næringslivet og offentlege etatar årleg over 94 millionar meldingar og skjema i Altinn. Talet auka med over sju prosent berre frå 2022 til 2023.

Norske næringslivsleiarar oppgir at dei sparer milliardbeløp årleg på å bruke Altinn – når vi reknar spart tid på rapportering til det offentlege åleine.

Altinn bidrar også til å spare samfunnet for store kostnader og til å forbetre tenester som er viktige for oss:

- Tenesta «Samtykkebasert lånesøknad» har ein estimert samfunnsøkonomisk gevinst på 13 milliardar over 10 år. I tillegg gjer den livet mykje enklare for lånekundane.
- Tenesta «Digital samhandling ved eigedomshandel» har ein forventa gevinst på i overkant av 18 milliardar på 10 år, og gjer livet enklare for kjøpar, seljar og meklar. Heildigital bustadhandel er i tillegg anslått til å spare miljøet for 120 tonn papir over 10 år.

Ei rekke andre samfunnskritiske tenester frå ulike "tenesteeigarar" er avhengige av Altinn:

- Statistisk sentralbyrås statistikkproduksjon er nødvendig mellom anna for rentefastsetjing og finanspolitikk.
- Samordna registermelding frå Brønnøysundregistra trengs for å registrere nye selskap eller gjer kapitalendringar og andre endringar i styresosb. i eksisterande selskap.
- Mange andre små og store tenester – knyta til alt frå skatteinnkreving, tolltenester, næringslivets dialog med det offentlege og søknad om barnehageplass, brukar også Altinn.

Derfor seier vi i Digdir, utan å raudne, at utan Altinn stoppar Noreg.

## Heilt nødvendig modernisering

Til tross for suksessen er vi godt i gang med å bygge eit helt nytt Altinn. Det er mange årsaker til at det er nødvendig, men den viktigaste er at teknologien Altinn er bygd på, er gått ut på dato.

Fullfører vi ikkje arbeidet med å få passasjerane om bord i eit ferdigbygd, nytt fly innan fristen vil det kunne få alvorlege konsekvensar for mellom anna stabilitet, sikkerheit og personvern.

Dagens teknologi

- vil kunne gjere Altinn sårbar for sikkerhetsangrep. Etter juni 2026 vil det ikkje vere mogleg å få support og sikkerhetsoppdateringar på programvara deler av plattformen og mange av tenestene er bygd på. Det gjer sikkerhetsrisikoen ved å fortsette på dagens plattform uforsvarleg høg.
- gjer det ressurskrevjande og vanskeleg å vedlikehalde plattformen og halde tenestene stabile
- gjer det umogleg å støtte EU sine krav til universell utforming (WAD-direktivet)
- gjer det umogleg å oppfylle EU sine krav til personvern (GDPR-reglane)
- gjer Altinn mindre relevant for mange tenesteeigarar fordi teknologien er for lite fleksibel og står i vegen for innovasjon.

Til saman er dette bakgrunnen for at vi i Digdir står midt i et av dei mest komplekse teknologiprojekta i offentlig sektor i dag.

## Vi er ikkje åleine: Fire prosjekt og eit program

Det er vi i Digdir som har ansvar for å bygge og klargjere den nye plattformen. Arbeidet er organisert som eit prosjekt som involverer mange av dei medarbeidarane som samstundes er ansvarlege for å halde «gamle» Altinn oppe og i full drift.

Men flypassasjerane, i form av 73 tenesteeigarar – dei som er avhengige av Altinn for å kunne levere sine tenester til andre etatar, næringsliv og innbyggjarar – må også gjere til dels store teknologiske endringar i «sin ende» før tenestene kan reetablerast i det nye flyet.

Både store og små tenesteeigarar må tilpasse sine tenester – med støtte frå oss i Digdir. Dei tre etatane som har flest tenester i Altinn er Skatteetaten, Statistisk sentralbyrå og Brønnøysundregistera. Hos desse tre krevst det så omfattande endringar og tilpassingar til ny teknologi at dei har etablert eigne, store prosjekt som jobbar med å klargjere tenestene og reetablere dei på ny plattform.

Framdrifta i desse tre prosjekta og vårt eige Altinn-prosjekt er i stor grad gjensidig avhengige av kvarandre, og tida fram til lyset må sløkkast i det eldste Altinn-flyet er kort. Derfor er arbeidet i dei til saman fire prosjekta organisert som eit koordinerande program – leia av Digdir.

Vi har sidan våren 2023 jobba saman med å få på plass felles planar, organisering og finansiering. Saman såg vi også at det var nødvendig å utsette opphavleg planlagt sluttdato i gamle Altinn frå 2025 til 2026. I 2023 innvilga regjeringa midlar til programmet, slik at vi skulle kunne jobbe vidare i 2024. Derfor vart samarbeidet formalisert som eit program frå 2024. Det har vorte gjennomført ei ekstern kvalitetssikring av underlaget for programmet (det som kallast ein KS2-prosess), og kvalitetssikraren støttar gjennomføring og finansiering av planane. Anbefalinga ligg til grunn når vi ber om midlar til å fullføre arbeidet vi er i gang med i revidert nasjonalbudsjett for 2024.

## Slik påverkar arbeidet Digdir

Prosjektet «Modernisering av Altinn» åleine er eit stort prosjekt som krev mykje av organisasjonen vår. Rundt 90 medarbeidarar bruker heile eller deler av tida si på å jobbe i prosjektet – mange er dei same som også skal drifte «gamle» Altinn fram til stenginga. I tillegg er vi i eit så omfattande prosjekt avhengige av kapasitet utanfrå. Derfor jobbar rundt 70 konsulentar saman med oss når vi bygger det nye flyet. Saman med våre eigne medarbeidarar jobbar dei med alt frå koding og teknologi til omfattande støtte og rettleiing til tenesteeigarane og brukarane av Altinn.

I tillegg kjem oppgåva med å lei programmet «Nye Altinn». Eit eige programkontor koordinerer vårt eige prosjekt med arbeidet i prosjekta som vert drivne av Skatteetaten, Statistisk sentralbyrå og Brønnøysundregistera. I tillegg til ein innleigd programleiar bidrar eigne medarbeidarar inn i dette omfattande arbeidet med å følge opp prosjekta og sørge for rapportering, kommunikasjon og rutiner som må vere på plass for å sørge for at programmet når sine mål.

Men også resten av Digdir vert påverka av Altinn-arbeidet. Prosjekt og program krev så mykje av kapasitet og ressursar at andre viktige oppgåver og tenester må «vente på tur» i større grad enn ønskeleg.

## Det er dyrt å bygge fly

Digidir har hittil prioritert dette internt, og har brukt store ressursar så langt. Parallelt held prosessen fram med å finansiere resten av arbeidet.

Langt frå alle midla går til at vi i Digidir skal bygge det nye flyet.

Investeringa til programmet vil dekke

- kostnader til å utvikle ei ny, moderne plattform
- kostnader tenesteeigarane, primært Skatteetaten, Brønnøysundregistra og Statistisk sentralbyrå, har i samband med reetableringa på ny plattform
- kostnader til avvikling av dagens Altinn

Det er dyrt å modernisere, men enda dyrare å la vere. Berekningar viser at å få nye Altinn på plass innan juni 2026 er samfunnsøkonomisk lønsamt, samanlikna med å realisere over ein lengre periode. Skulle vi utsett å stenge dagens Altinn ville det – mellom anna – gitt utgifter til parallell drift av to plattformer samstundes, sidan fleire tenester allereie er flytta til ny plattform. I tillegg ville tenestene på gammel plattform ikkje oppfylt krav til universell utforming, og risikoen for varige sikkerheitsbrot ville vore stor.

## Fleire fordelar med nytt Altinn

Den aller viktigaste årsaka til at Noreg treng nye Altinn raskt er som nemnt behovet for stabilitet og sikkerheit når stadig fleire verksemdar tar i bruk Altinn samstundes som talet på cyberangrep og truslar aukar dramatisk. Vi kan rett og slett ikkje risikere personopplysningar på avvege eller langvarig nedetid med store økonomiske konsekvensar for samfunnet.

Men ei ny og moderne Altinn-plattform har også andre fordelar – til dømes at

- den vil vere enkel å vedlikehalde og vidareutvikle når passasjerane får nye behov, og dermed leggje til rette for innovasjon.
- den vil bestå av fleire sjølvstendige produkt som gjer at tenesteeigarane kan

velje akkurat det dei har bruk for, og droppe resten – omtrent som når andre flypassasjerar veljer om dei skal bestille eitt eller fleire sete, og om dei har behov for å betale for mat og ekstra bagasje.

- den vil leggje til rette for gjenbruk og «samskaping»: Ved hjelp av enkel og open kode kan tenesteeigarane sjølv bygge nye skjema og tenester – og deretter dele dei med andre, som då slepp å starte på ny når dei treng ei lik eller liknande teneste. Det vil særleg vere ein fordel for mindre verksemdar, som ikkje har store, eigne utviklingsavdelingar – og det er betre bruk av offentlege midlar fordi fleire ikkje treng å bruke ressursar på å utvikle nesten like tenester.


## Samarbeid skal sørge for at flyet landar trygt

Vi i Digidir har tatt på oss oppgåva som pilot i programmet nye Altinn, og saman med dyktige kopilotar frå Skatteetaten, Statistisk sentralbyrå og Brønnøysundregistra skal vi lande trygt, innan fristen 15. juni 2026.





Samstundes er vi bemanna med vår versjon av både luftfartsingeniørar, flymekanikarar og flyinstruktørar og andre som trengst for å planlegge og bygge det nye Altinn-flyet. Ved å samarbeide tett med og lytte til behova til noverande og framtidige passasjerar i offentlig og privat sektor, skal vi sørge for at flyet i størst mogleg grad tilfredsstillar deira ønsker og behov.

I eit så stort teknologisk utviklingsprosjekt som det vi er midt inne i, er det neppe til å unngå at det kjem til å verte litt turbulens undervegs. Men med godt samarbeid mellom passasjerar, bakkemannskap og kabinbesetning er vi rusta til å handtere det.







# Fellesløysingar

Mål	Resultat	Prioriteringar og tiltak	Måloppnåing
<b>1</b> Sikre stabil og sikker drift av direktoratets fellesløysingar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Alle løysingane vart drifta stabilt gjennom året og med ei gjennomsnittleg oppetid innafor krava på årsbasis.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka bruk og nye bruksområde setter fellesløysingane under press. Digdir vil prioritere å ruste fellesløysingane for vidare vekst og bygge ny funksjonalitet for å møte nye brukarbehov. Vi vil gjere store og viktige moderniseringar for å sikre nasjonale fellesløysingar med markedsleiarande kjerneteknologi på oppdaterte tekniske plattformer. Ein skjerpa sikkerheitssituasjon vil kreve kapasitet og kompetanse for å møte det nye trusselbildet som vi står overfor.</li> </ul>	 Oppnådd
<b>2</b> Auke bruken av Digdir fellesløysingar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Offentleg sektor bruker i aukande grad Digdir sine fellesløysingar i sin tenesteproduksjon. Både antal virksomheiter (kundar) og tenester som bruker fellesløysingane auka frå 2022 til 2023. I 2023 fortsatte m.a. veksten i antal innloggingar i ID-porten. Altinn autorisasjon, samtykker og Altinn formidling auka mellom 16 og 62%.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi betrar, forenkler og automatiserer forvaltninga og drifta av fellesløysingane kontinuerleg for å legge til rette for vekst og nye behov. Modernisering av fellesløysingane på oppdaterte tekniske plattformer aukar sikkerheit og skalerbarheit. Vårt markedsteam jobbar målretta for å auke bruken, samtidig som vi har som mål å tilpasse markedsaktivitetar med dei utfordringane som moderniseringa av Altinn medfører.</li> </ul>	 Oppnådd
<b>3</b> Beslutning om eventuelle nye fellesløysingar og ny funksjonalitet i eksisterande fellesløysingar, skal vere forankra i brukarbehov, og finansiering må vere avklart i forkant.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Pilotprosjektet med utstedelse av MinID i skolen og Begrepsregisteringsløysinga er eksempel frå 2023 der brukarbehova var førande for utviklingsarbeidet. Andre eksempel er samarbeid med EnTUR om sikker deling av data ved hjelp av Maskinporten.</li> <li>For Dialogporten, del av Altinn-moderniseringa, er pilotproduksjon planlagt til tredje kvartal 2024.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeid, innovasjon og pilotering, moderniseringsarbeid og forutsigbar finansiering er nøkkelen til å møte nye brukarbehov gjennom kontinuerleg fornying.</li> </ul>	 Oppnådd
<b>4</b> Progresjon i flyttinga av tenester frå Altinn II til Altinn 3.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utbredelsesprosjektet der vi flyttar over 800 tenester i Altinn II til Altinn 3-plattformen er godt i gang.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fleire enn 61 innsendingstenester vart flytta over til Altinn 3 i løpet av 2023. Ytterlegare 30 var ferdig utvikla per 31.12.</li> </ul>	 Delvis oppnådd

Bruk av fellesløysingane



Altinn Autorisasjon - førespurnader



**296,4 mill** ↑

Innloggingar i ID-porten.

Auke på 3,7 %

**17 290** ↑

Datakonsumentar i Maskinporten.

Auke på 25,8 %

**98,1 mill** ↑

Meldingar og skjema sendt i Altinn.

Auke på 6,2 %

**4 mill** ↑

Samtykke gitt i Altinn.

Auke på 26,6 %

## Fellesløysingar

**Dei nasjonale fellesløysingane og registera er ein del av vår felles digitale infrastruktur. Arbeidet med å modernisere dei tekniske plattformene for Altinn og ID-porten var høgt prioritert i 2023.**

Fellesløysingane frå Digdir hadde stabil drift gjennom heile året med jamn og aukande bruk. Parallelt med drift og forvaltning av løysingane pågjekk eit omfattande moderniseringsarbeid. Ein av dei viktige milepælane i 2023 var flytting av dei aller fleste offentlege tenestene som brukar ID-porten over til ny teknisk plattform. Prosjektet, som berører heile eID-infrastrukturen, blir avslutta i 2024 og den gamle ID-porten blir slått av.

Parallelt var det høg utviklingstakt også på den nye Altinn 3-plattformen gjennom året. Den nye arkitekturen er sikrare og langt meir fleksibel enn Altinn II og møter framtidens behov for ei digital tenesteproduksjonsplattform. Tenester som nyttar Altinn II i dag kan reetablerast på den nye plattformen innan juni 2026.

### Mål

Digdir hadde følgjande delmål for fagområdet fellesløysingar i 2023:

- Delmål 1: Stabil og sikker drift av direktoratets fellesløysingar.
- Delmål 2: Auka bruk av Digdir fellesløysingar.
- Delmål 3: Direktoratets beslutning om eventuelle nye fellesløysingar og ny funksjonalitet i eksisterande fellesløysingar, skal vere forankra i brukarbehov, og finansiering må vere avklart i forkant.
- Delmål 4: Progresjon i overføring av tenester frå Altinn II til Altinn 3.

### Resultat

#### Delmål 1: Sikre stabil og sikker drift av direktoratets fellesløysingar

Alle løysingane vart drifta stabilt gjennom året, med ei gjennomsnittleg oppetid som er innafor krava på årsbasis. Også i 2023 var det retta eit høgt antal digitale angrep mot ein del av Digdir sine tenester. Hendingane har ikkje medført avvik når det gjeld sikkerheit i fellesløysingane eller krava til oppetid.

Moderniseringa av ID-porten-plattformen bidrar til at Digdir leverer sikre og robuste fellesløysingar på eID-området til offentleg sektor. Den nye plattformen er i drift og dei aller fleste tenestene var migrert over ved utgangen av 2023. Plattformen leverer betydelig høgare ytelse, og den set oss i stand til å handtere sikkerhetskendingar betre gjennom meir omfattende overvaking, loggverktøy og ei meir robust plattform.

Altinn II, Altinn 3 og datadelingsprodukta har levert på mål 1 i 2023. Altinn II bygger på utdaterte produkt og må avviklast innan sommaren 2026. Parallelt skal Altinn 3 realiserast gjennom eit omfattaande moderniseringsprosjekt som også skal sikre at dette skjer med eit minimum av driftsforstyringar.

## Delmål 2: Auka bruk av Digidirs fellesløysingar

Både antal verksemder (kunder som har signert bruksvilkår for offentlege verksemder) og tenester\* som bruker fellesløysingane auka frå 2022 til 2023. Auken i innloggingar i ID-porten heldt fram, og tilsvarende utvikling gjaldt bruken av Maskinporten, Altinn, elnnsyn, eSignering og Elma. Auken i bruken av eFormidling skuldast at det vart teken i bruk ny transportinfrastruktur for meldingformidling til digital postkasse til innbyggjar, kombinert med vekst i både brukarar av digital postkasse og masseutsending av digitale valkort i 2023. Kontakt- og reservasjonsregisteret er som einaste fellesløysing oppført med ein liten nedgang. Grunna overgang til ny plattform manglar fullstendig talgrunnlag for registeret for september månad 2023.

Altinn Autorisasjon hadde ein vekst på 61 % i 2023, noko som understrekar at dei digitale fellesløysingane blir stadig meir sentrale i tenesteproduksjonen og oppgaveløysinga i offentlig og privat sektor.

### Nasjonale fellesløysingar


Tillitstenester	Produktgruppe Datadeling	Tenesteutvikling	Meldingsutveksling	Innsyn og oppslag
Altinn autorisasjon	data.altinn.no	Altinn portal med innboks	Digital postkasse til innbyggjar	elnnsyn
ID-porten	data.norge.no (felles datakatalog)	Altinn II	Altinn meldingsteneste	Kontakt- og reservasjonsregisteret
eSignering	datalandsbyen.norge.no	Altinn Studio	eFormidling	Elektronisk mottakaradresseregister
Maskinporten	datafabrikken.norge.no		Altinn formidlingsteneste	
MinID				

Tenesteeigarane tok i aukande grad i bruk Altinn 3. Det vart sendt inn 3 017 137 skjema ved hjelp av Altinn 3, ein auke på 88,4 %. Det er også stadig fleire som nyttar Altinn Studio for å lage og utvikle tenestene.

Årsstatistikken viser at Maskinporten som vart lansert i 2019, har etablert seg som ei viktig nasjonal løysing som dekker felles behov. Fleire tilbydarar og brukarar av data tek i bruk løysinga. Maskinporten bidrar slik til meir effektiv deling av data på tvers av offentlege og private verksemder. Det er fleire gode eksempel på at deling av data gir betydelege gevinstar. Offentleg sektor utvekslar data for å effektivisere og skape betre tenester for innbyggjarar og næringsliv. Det er også vellukka samarbeid t.d. med finanssektoren der pågåande prosjekt har skapt verdiar for 22 milliardar kroner.

\*) Med overgang til ny plattform har Digidir no betre grunnlag for å rapportere på antal tenester. Teljing blir no gjort ved at vi hentar ut tenester som har vore aktive siste 12 mnd. istaden for å hente totalt antal integrasjonar registrert. For at rapporten skal kunne gi eit samanlikningsrunnlag over tid er tala oppdatert med ny teljemetode også for 2021 og 2022. Opprinnelege tal for 2021 og 2022 var hhv. 9257 og 11846.

## Transaksjonskostnader i Altinn



## Årsstatistikk 2023 for fellesløsningene som Digdir har ansvar for:

	2021	2022	2023	Endring i %
Antal kundar som bruker fellesløsningane	1 281	1 396	1 461	4,66 %
Antal tenester som bruker fellesløsningane	7 958	8 933	9 116	2,05%
Antal innloggingar i ID-porten	317 565 317	285 740 397	296 439 528	3,74 %
Antal datatilbydarar i Maskinporten	29	38	46	21,05 %
Antal konsumentar i Maskinporten	8 359	13 749	17 290	25,75 %
Antal oppslag i Kontakt- og reservasjonsregisteret	2 273 478 728	2 209 536 471	2 148 747 712	-2,75 %
Antal brev sendt i Digital postkasse til innbyggjarar	23 078 773	21 652 713	25 888 537	19,56 %
Antal innbyggjarar med digital postkasse	2 708 013	2 859 482	3 020 871	5,64 %
Antal signeringar i eSignering	1 585 321	2 369 610	2 410 609	1,73 %
Antal forsendelser i eFormidling	2 914 679	3 668 450	12 755 012	247,69 %
Antal statlege virksomheiter med eFormidling	130	146	170	16,44 %
Antal dokument tilgjengeleg i elnnsyn	47 591 863	56 232 915	63 955 126	13,73 %
Antal innsynskrav i elnnsyn	389 388	453 222	466 957	3,03 %
Antal dokument gjennom ELMA	172 059 570	197 264 618	233 444 130	18,34 %
Antal meldingar sendt via Altinn digital post	69 853 628	68 419 581	73 714 709	7,74 %
Antal enkeltskjema sendt via Altinn - Altinn 3 utgjer 14 % av trafikken	24 178 467	23 956 312	24 374 468	1,75 %
Antal samtykke gitt i Altinn	2 673 542	3 139 946	3 976 068	26,63 %
Antal varsel på SMS knytta til skjema og meldingar i Altinn	23 551 411	20 429 178	20 596 834	0,82 %
Antal varsel på e-post knytta til skjema og meldingar i Altinn	81 045 170	97 931 934	110 991 074	13,33 %
Antal autorisasjonkall i Altinn - NB! Statistikk innført i perioden januar - mars 2021.	75 774 866	158 171 070	255 627 166	61,61 %

**Delmål 3: Direktoratets beslutning om eventuelle nye fellesløsinger og ny funksjonalitet i eksisterende fellesløsinger, skal være forankra i brukarbehov, og finansiering må være avklart i forkant.**

Veksten i bruk av fellesløsingane gir betre kvalitet og reduserte kostnader i forvaltninga. Nytteløse og kostnadsanalyser utført av Oslo Economics viser at bruken av fellesløsingane gir vesentlege gevinstar. I 2023 ga bruken av løysingane ein nettogevinst på omlag 970 millionar kroner. I tillegg kjem dei betydelege gevinstane som Altinn gir. Gevinstane inneber m.a. spart tidsbruk i offentlege verksemder, sparte portokostnader, sparte transaksjonskostnader og andre fordelar som kjem med stordrift. I tillegg skaper løysingane kvalitative gevinstar som t.d. betre brukaroppleving som ikkje er talfesta.

#### Samarbeid og dialog

Gjennom Styringsrådet samarbeider Digidir med eit breitt utval av kundar om utviklingsplanar, strategiar og vegkart for fellesløsingane. Det er etablert produktråd for grupper av produkt som operasjonaliserer arbeidet vidare. Samstundes blir det gjort eit marknads- og innsiktsarbeid mot kundar, leverandørar og brukarar som sikrar gode beslutningsgrunnlag.

Med bakgrunn i manglande finansiering og nødvendig prioritering av modernisering av eID-infrastrukturen og Altinn 3, har utviklingsaktiviteten på fellesløsingane vore vesentleg redusert i 2023.

Digidir jobbar spesielt aktivt med å forsterke det faglege utviklarmiljøet som gir viktige bidrag til utviklingstakten på fellesløsingane og rikare funksjonalitet som igjen gir kraft i digitaliseringa av forvaltninga. I samarbeid med NORAD og Digital Public products-alliansen (DPGA) arbeider vi med å løfte Altinn fram som eit internasjonalt fellesgode.

I eit samarbeidsprosjekt med Skatteetaten og Brønnøysundregistra har Digidir løfta fram data.norges begrepsregisteringsløsning. Løysinga er i produksjon og bidrar til at alle offentlege verksemder som nyttar denne katalogtenesta har

prosess-støtte tilgjengeleg. Løysinga er finansiert med midlar og ressursar frå partane og dekkjer eit behov som alle verksemder i offentlig sektor har, og som er sentralt for å utløse verdiane av data som offentlig sektor forvaltar.

Digidir har også i 2023 jobba aktivt med DSOP (Digital Samhandling Offentlig og Privat) og ulike samarbeidsforum knytta til datadeling, realisering av tenester rundt livshendinga dødsfall og arv og tenesteeigarar. Det har vore tett samarbeid med Barne- og familiedepartementet, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, KS og Virke. Gjennom ulike perspektiv har vi fått synleggjort nye behov inn mot fellesløsingane og behov for samarbeid på tvers.

#### eID til flyktningar

Som følge av krigen i Ukraina fekk Digidir i oppdrag å etablere ei løysing for utstedelse av eID til ukrainske flyktningar som kom til Noreg. Målet var å sikre at flyktningane fekk effektiv og trygg tilgang til viktige offentlege tenester. Det vart inngått avtale med Buypass om å utferde eID på nivå «høgt», saman med utferding av MinID til dei som ikkje kvalifiserte til eID frå Buypass. Gjennom 2023 var tal bestillingar relativt stabilt. Ordninga er avvikla frå 1. januar 2024 sidan det ikkje er tildelt midlar for vidare drift.

#### Innovasjon og pilotering

Digidir har hatt samarbeid med DigiUng (Helsedirektoratet) om eit pilotprosjekt for å utferde MinID i skulen. Målet er å gi ungdom ein enklare veg inn til digitale offentlege tenester. I piloten har vi testa om det er mogleg å gjennomføre god nok ID-kontroll til at lærarar og rådgivarar på skulane kan utferde MinID til elevane. Erfaringane so langt er svært positive. Arbeidet vil halde fram i 2024 og førebu grunnen for eID til alle, i tillegg til arbeidet som skal i gang med digital lommebok.

I 2023 har Digidir også undersøkt korleis vi med Maskinporten kan dele skyressursar på ein sikker måte på tvers av verksemder. I samarbeid med EnTUR har vi undersøkt korleis data kan delast ut av eigen organisasjon med støtte i nasjonale løysingar for identitet for å sleppe å handtere identitet og onboarding i eigen organisasjon. Målet er å gjere det enklare å dele store analytiske datasett på

ein mer effektiv måte. Maskinporten har vorte brukt som id-kontroll for offentleg sky. Piloten har så langt vore vellukka. Arbeidet held fram i 2024, sjølv om manglande finansiering reduserer handlingsrommet.

Piloteringa av Ansattporten, som skal løyse behovet for pålogging som tilsett, heldt fram i 2023. I 2024 utarbeidar direktoratet ein erfaringsrapport med tilråding om vegen vidare.

Som ein del av moderniseringsarbeidet med Altinn, samarbeider Digdir tett med Skatteetaten og NAV om å etablere Dialogporten. Løysinga skal gjere det mogleg for innbyggjarar og næringsliv (inklusive revisorar, regnskapsførar og systemleverandørar) å stille seg til éin stad for å halde oversikt over digitale dialogar med det offentlege – og uavhengig av underliggande tenesteplattform. Dette vil gi meir fleksibilitet og moglegheit for skreddersydd løysingar frå tjenestetilbydarar. Samtidig skal innbyggjar i hovudsak kunne stille seg til ei felles arbeidsflate, noko som også legg til rette for samanhengande tenester. Pilotproduksjon er planlagt tredje kvartal 2024.

### Arbeid med nye finansieringsmodellar

Medan bruken av fellesløysingane aukar må ein sikre at drift, forvaltning og vidareutvikling kan skje på ein effektiv måte i åra framover. Veksten i bruken av løysingane inneber auka kostnader, og det pågår eit arbeid for å få plass finansieringsmodellar som er forutsigbare og ivaretek hensynet til forvaltning og utviklingsbehov. Dei økonomiske rammene også i 2023 har vore begrensande, og hovudprioriteringa har difor vore retta mot sikker og stabil drift av løysingane. Manglande avklaring om nye finansieringsmodellar og mva-problematikk gjer det utfordrande å jobbe for utbreiing av løysingane. Dette gir seg vidare utslag i at offentlege verksemdar som kan og bør ta i bruk fellesløysingar sit på gjerdet. Eit uheldig utslag er at offentlege aktørar kan finne det teneleg å utvikle eigne løysingar framfor å ta i bruk nasjonale fellesløysingar. Det er grunn til å tru at manglande avklaring vil medføre redusert vekst i bruken av fellesløysingar fram mot 2027.

Direktoratet har prioritert arbeidet med finansieringsmodellar og ventar på avklaringar frå departementet.



**“Å vere ein bidragsytar til eit open kjeldekode-prosjekt som driv heile nasjonen Noreg, fyller meg med enorm tilfredsstilling og spenning.”**

Khan Mohammad Rashedun Naby (31), utviklar, avdeling brukaroppleving og datadeling, seksjon utvikling, Brønnøysund



### Modernisering av eID-porteføljen og styrking av drift-, forvaltning- og utviklingsorganisasjonen

Moderniseringa av systemarkitekturen på eID-området er eit arbeid som har pågått over fleire år og omfattar også innkjøp av ny driftsplattform. Dette skal sikre at Digdir i framtida kan handtere høgare volum og auka trafikk i fellesløysingane. Det vil også legge til rette for nye bruksområde, auka endringstakt og innovasjonsevne. Dette er viktig for å sikre eit akseptabelt sikkerheitsnivå for løysingane. Modernisering av applikasjonane har også pågått gjennom 2023.

I slutten av juni 2023 var nye ID-porten i ordinær drift. Digdir har jobba aktivt for å sikre at verksemdene som brukar ID-porten fekk ein god overgang til ny plattform. Større kompleksitet enn venta og utfordringar med leveransar på grunn av krigen i Ukraina medførte at prosjektet vart noko forsinka. I opprinneleg plan skulle alle tenester vere flytta innan 31. desember 2023. Denne fristen er utsett til primo 2024.

Med ny teknisk plattform følger endringskrav til organisasjonen. Arbeidet med kompetansestyrking, forbetring av prosessar, rutiner og arbeidsmetodikk held fram i 2024 slik at organisasjonen er rusta for å handtere nye behov, aukande kompleksitet og ein skjerpa sikkerheitssituasjon.



**“Det er kjekt å ha vore med å modernisere ID-porten og få lov til å jobbe med heilt nye teknologiar. No står nye spennande prosjekt for tur!”**

Hallvard Bjørdalsbakke (27), utviklar, avdeling fellesløysingar, Leikanger

#### Delmål 4: Progresjon i flyttinga av tenester frå Altinn II til Altinn 3

Det har vore god framdrift i arbeidet med å flytte tenester frå Altinn II til Altinn 3-plattformen og bruk av Altinn Studio. Målet om antal flytta tenester vart ikkje helt nådd, men fleire tenesteeigarar er igang med å migrere sine tenester og mange tenester ligg klar til produksjonssetting. Det er eit omfattende arbeid som gjenstår og dette medfører krevjande prioriteringar både i Digidir og hos tenesteeigarane fram til 2026.

Moderniseringa av Altinn inneber at over 800 tenester i Altinn II flyttast til Altinn 3-plattformen. Fleire enn 61 innsendingstenester vart flytta til Altinn 3 i løpet av 2023. Ytterlegare 30 var ferdig utvikla per 31. desember 2023, men ikkje sett i produksjon på grunn av at tenesteeigar m.a. ikkje hadde fått på plass integrasjonen for å motta data inn i sine respektive fagsystem.

Det vart sendt inn 3 017 137 skjema i Altinn Studio i 2023, ein auke på over 88 %. Vi ser at terskelen for å ta i bruk den nye løysinga er lågare, og vi forventar vesentleg vekst på antal produksjonssette tenester i 2024.

I 2023 fatta EU ei adekvansbeslutning rundt Schrems II-dommen. Dette har i betydeleg grad redusert støyen rundt bruken av skyplattformer for fellesløysingane. Det er betydelig færre tenesteeigarar som problematisere det å ta i bruk tenester som nyttar amerikanske skyleverandørar. Dette heng saman med eit alvorleg trusselbilete der Azure og Google Cloud framstår som dei sikraste miljøa for å realisere og tilby digitale tenester.

I 2024 vil Digidir prioritere å bistå eksisterande tenesteeigarar med migrering, samt slutføre arbeidet med Altinn Studio slik at det nye miljøet har tilstrekkeleg funksjonalitet. Dette skal ferdigstillast innan sommaren 2026.

Vi har gjennomført arbeidsmøter i virksomheten i 2023 for å kartlegge framtidige kompetansebehov. Medarbeidere og ledere fra alle avdelinger har deltatt. Resultatet er felles og individuelle kompetanseplaner som vi iverksetter i 2024. Vi har kontinuerlig behov for oppdatert kunnskap. Rask utvikling av digitalisering og teknologi krever at vi fornyer vår kompetanse gjennom læring og rekruttering.

### Delmål 3: Vi jobber for et enhetlig direktorat hvor vi tar ut synergier

Det er utfordrende å ta ut synergier som kan måles direkte. I 2023 har vi jobbet videre med samhandling på tvers og utveksling av kunnskap og erfaring. Det foregår en rekke aktiviteter som bidrar til et enhetlig direktorat. Vårt prinsipp er at «like ting skal være likt» og at det også skal være rom for ulikheter og tilpasninger.

### Delmål 4: Vi tar i bruk nye arbeidsmåter og eksperimenterer med teknologi for å innovere og skape verdier

I våre halvårslige endringsmålinger følger vi med på om vi stadig løser oppgaver på nye måter. Vi ser en forbedring gjennom 2023. Det er viktig for oss at vi tar i bruk innovasjonsmetodikk og nye agile og smidige arbeidsformer. I 2024 vil vi arbeide for å tilpasse og tilrettelegge organisasjonen slik at nye arbeidsmåter blir effektive.

### Delmål 5: Vi fremmer et arbeidsmiljø med tillit og arbeidsglede

I 2023 har vi gjennomført to endringsmålinger for å undersøke status og utvikling av flere arbeidsmiljøfaktorer. Målingene viser at medarbeiderne har høyt engasjement både for Digdir som arbeidsgiver, samfunnsoppdraget og egne oppgaver. Vi har en kultur som preges av tillit og åpenhet. Vi gjennomfører alltid tiltak for forbedring i etterkant av målingene. Et godt arbeidsmiljø gjør oss robuste og kapable til å stadig forbedre oss og gjennomføre nødvendige endringer.

Vi har satt i gang flere utviklingstiltak for medarbeidere, spesielt for våre yngste medarbeidere, teamledere og ansatte med annen kulturell bakgrunn.

## Utfordringer

Et viktig mål for Digdir er å tiltrekke, ansette og beholde dyktige ansatte: Turnover i Digdir som helhet har stabilisert seg på et akseptabelt nivå, og viser gjennom 2023 en nedgang. Det er fortsatt krevende å rekruttere til enkelte stillinger hos oss. Dette gjelder spesielt fagstillinger innen teknologi. I tillegg har vi utfordringer med rekruttering til Brønnøysund og Leikanger.

Året som kommer vil vi ha fokus på følgende utfordringer:

- Tiltrekke, rekruttere og beholde kritisk kompetanse på alle lokasjoner
- Tydelig ledelse som håndterer framtidige endringer og utfordringer
- Karriereutvikling, personlig og faglig utvikling
- Arbeidsmengde som kan håndteres over tid
- Styrke samarbeid på tvers i vår produktorganisasjon
- Felles og individuell kompetanseutvikling

### Prioriteringer og tiltak

Framover jobber vi med følgende prioriteringer og tiltak:

1. Målrettet og enhetlig employer branding ved bruk av vårt medarbeiderløfte
2. Intern mobilitet
3. Tiltak for unge ansatte
4. Ny lønnspolitikk
5. Utjevning av arbeidsbelastning og tiltak for å håndtere en krevende arbeidshverdag
6. Kompetansetiltak som svarer ut kartlagte kompetansebehov
7. Organisasjonsjusteringer
8. Utvikling av ledelse og ledere
9. Optimalisering av teamorganisering



**“For meg er Digdir en mangfoldig arbeidsplass hvor faglig utvikling og varierte oppgaver er i fokus. Vi har høy kompetanse blant våre ansatte og er flinke til å dele kunnskapen med hverandre. Dette gir meg motivasjon i arbeidet.”**

Ashab Mogul Ilahi (42), seniorrådgiver, HR, Oslo

## Likestilling

**Vi fremmer likestilling og mangfold. Diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk eller alder aksepteres ikke hos oss.**

Målsettingen er at vi skal ha ansatte med ulik bakgrunn og være en attraktiv arbeidsgiver for alle. Vi har økende behov for å kunne tiltrekke og ansette i jobbmarkeder utenfor Norge, og har i 2023 fått på plass rekrutteringsstrategi for inkludering og mangfold.

Gjennom våre årlige digitale og fysiske vernerunder overvåker vi uønskede hendelser som hemmer mangfold og inkludering på arbeidsplassen.

### Inkluderende arbeidsliv

Det er tilnærmet lik jevn fordeling av antall ansatte kvinner og menn i Digdir. Det gjenspeiles også i mellomledelsen, der vi har like mange kvinner som menn. Vi har like mange kvinner og menn i midlertidige stillinger.

Vi har svært få ansatte i deltidsstillinger hos oss. Det er kun 8 deltidsansatte som er fordelt likt på menn og kvinner. Deltid hos oss skyldes pensjonering, helsemessige årsaker og studier. Vi har ikke identifisert tilfeller av ufrivillig deltidsarbeid i virksomheten.

### Likelønnsstatistikken

Vi aksepterer ikke ubegrunnede kjønnsrelaterte lønnskjevheter. Vi påser at menn og kvinner under ellers like forhold har samme lønnsutvikling. Det er lønnsforskjeller mellom menn og kvinner på overordnet nivå hos oss. Årsaken til dette er at flere menn har stillingsnivå med et høyere lønnsnivå enn kvinner. Det kun små lønnsforskjeller på de ulike stillingsnivåene, både på mellomleder- og ansattnivå. Flere ganger i året drøfter vi lønnsstatistikk og analyse med tillitsvalgte. I analysen går vi gjennom likelønn og om det er ubegrunnede forskjeller.

Vi følger opp likestilling og mangfold ved å analysere styringstall innenfor HR-området. Vi overvåker endringer og setter i gang tiltak fortløpende basert på funn og fakta i analysene. Vi tar hensyn til likestilling og mangfold i våre rekrutteringsprosesser, interne retningslinjer, lønnspolitikk og gjennom våre HMS-tiltak.



### Nyansatte tar ned gjennomsnittsalderen

Vi ønsker å ansette yngre medarbeidere i Digdir. Dette bidrar til vår felles kompetanse og innovasjonskraft, og gjør oss attraktive for yngre medarbeidere over tid. Av nyansatte i 2023 er ca 60 % under 35 år.

Gjennomsnittsalderen i Digdir totalt er 43 år og synkende.


### Antall ansettelser

I 2023 hadde vi totalt 95 ansettelser fordelt på 55 faste, 36 midlertidige stillinger og 4 lærlinger. Rekrutteringene av midlertidige stillinger var i hovedsak sommerstudenter i Brønnøysund og Leikanger (13). Øvrige var grunnet midlertidige ressursbehov og ferieavvikling.

### Akseptabel turnover

Turnovertallet, eller ansatte som slutter i Digdir, er beregnet ut fra antall ansatte pr. 31.12.2023. Turnover er 9,8 % (medregnet de som går av med pensjon) og 8 % (ikke medregnet de som går av med pensjon). Vår strategi for å ansette yngre medarbeidere medfører en noe høyere turnover enn tidligere. Dette er en risiko vi veier opp mot effekten av å fornye kompetanse hos oss.

#### Antall ansettelser



### Gjennomsnittlig sykefravær gikk ned

Det gjennomsnittlige sykefraværet sank fra 5,8 % i 2022 til 4,9 % i 2023.

Vi har jobbet aktivt for å redusere sykefraværet gjennom 2023 ved tett oppfølging av ledere som har sykemeldte medarbeidere, tett dialog med langtidssykemeldte, medarbeidere og helsefremmende og tilretteleggende tiltak på arbeidsplassene. Statens sykefraværstatistikk over tid | Statens arbeidsgiverportal (dfo.no)

### Lønnsutvikling

Den gjennomsnittlige lønnsutviklingen i 2023 var 31 351 kroner i 2023, mot 18 893 kroner i 2022.

Årsaken til økende lønnsutvikling i 2023 er et generelt godt lønnsoppgjør i Staten, samt at lønnsforventinger og markedslønn i teknologistillinger har økt.

For å få rekruttert kritisk kompetanse, har vi måttet ansette til et høyere lønnsnivå enn tidligere.

#### Akseptabel turnover

# 8.0 %

↓ mot 10.0 % i 2022

#### Vi ønsker å ansette yngre medarbeidere

# 43 år

er gjennomsnittsalderen i Digdir.

#### Lønnsutvikling

# 31 351 NOK

mot 18 893 i 2022

## Fellesføringer for 2023

### I årsrapporten for 2023 skal Digdir rapportere på fire fellesføringer.

#### Fellesføring 1: Oppfølging av tillitsreformen

Tillitsreformen «omfatter hele offentlig sektor, også fristilte virksomheter. Målet med tillitsreformen er å gi mer velferd og bedre tjenester til innbyggerne, og til rett tid. For å få dette til må vi jobbe mer med å øke tilliten innad i offentlig sektor, blant annet med å detaljstyre mindre og ved å øke handlingsrommet for de som jobber i førstelinjen.» Det er en ambisjon at departementets virksomhetsområde skal gjennomføre 3-5 piloter i reformperioden.

Digdir er primært ikke i dialog med førstelinjen, men har bidratt med eksempler på tillitsbasert ledelse, styrket partssamarbeid og nye arbeidsformer. Under året har Digdir hatt dialogmøte med fagforeninger i Digdir.

Stimulab-prosjektene i 2023 bidrar til realisering av tillitsreformen. Prosjektene er piloter, med formell oppstart i Q1 2024. Både pågående og nyoppstartede prosjekter under Stimulab-ordningen har enten hatt tillitsreformen som prioritering (2022-prosjekter, oppstart i 2023) eller som et krav (2023-prosjekter, oppstart i 2024). I 2024 har følgende virksomheter pilotprosjekter innen Stimulab-porteføljen 2023: Direktoratet for byggkvalitet (DiBK), Kriminalomsorgsdirektoratet, Helsedirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet.

UU-tilsynet mener at tillitsbasert egenrapportering blir mer aktuelt i årene som kommer. I tillegg til tilgjengelighetserklæringen har vi en egenrapporteringsløsning for automater. Vi vurderer egenrapportering for regelverk som kommer gjennom

tilgjengelighetsdirektivet. Arbeidet med å vurdere om det skal stilles krav til universell utforming av ikt-løsninger i arbeidslivet, kan være med på å styrke tilliten gjennom økt samfunnsdeltakelse.

Tillitstjenestene til Digdir er byggeklosser som ivaretar fellesbehov innenfor autentisering, autorisasjon elektronisk signatur m.m., og er en del av et økosystem for nasjonal digital samhandling og tjenesteutvikling. Sikker tilgang til offentlige digitale tjenester, og sikker deling av data er forutsetninger for at vi skal lykkes med å skape en enklere digital hverdag på en tillitvekkende måte, for innbyggere og næringsliv. Det er derfor viktig at disse videreutvikles i tråd med samfunnets behov.

Strategien for eID i offentlig sektor ble lansert av regjeringen 24. april 2023. Utstedelse av MinID ble pilotert på to Osloskoler 23. og 26. oktober 2023.

#### Eksempler som Digdir tilfører arbeidet med Tillitsreformen:

Digdirs avdelinger og team arbeider med smidig som arbeidsform med sikte på å levere kunde- og brukerverdi gjennom hyppige leveranser og kontinuerlig læring. Digdirs avdelinger og team arbeider med Objectives and Key Results (OKR), som er et rammeverk for målstyring. Hensikten med OKR-målstyring er å sette organisasjonens overordnede strategi ut i praksis slik at hele organisasjonen uansett avdeling og team vet hvilke mål som skal oppnås. Dette skaper

engasjement hos ansatte som i større grad vil ta eierskap av organisasjonens hovedmål. Medarbeiderne får en høyere grad av autonomi og ansvar, og det blir god transparenss på tvers av avdelinger.

Digdirs avdelinger har implementert DevOps, som er en kombinasjon mellom utvikling (Dev) og operasjoner (Ops). Vi forener personer, prosess og teknologi for å levere verdi til kundene kontinuerlig. Slik jobber vi med utvikling av tjenester i Digdir. HR benytter også denne metoden.

HR arbeider smidig i organisasjonen med kontinuerlig arbeid og mer eksperimentering. HR forvalter et tillitsfundament. Eksempelvis benyttes endringsmålingene, som utføres to ganger årlig, til å måle tillit til ledere og ledertillit til medarbeider. Tillit skårer høyt i organisasjonen, og følger kontinuerlig opp arbeidet med tillit internt i Digdir. Vi har etablert økt tillit via samarbeid med tillitsvalgte og jobber for å videreføre og beholde det gode samarbeidet. Medbestemmelsesapparatet brukes også for å komme fram til smidige løsninger og vi jobber behovsbasert.

### Brukersentrene

Brukersentrene er Digdirs førstelinie og har kontinuerlig kontakt med brukerne, som er både innbyggere og næringslivet. Brukerstøtten jobber smidig og bidrar til innsikt på tvers i produktteam. De utvikler løsninger teambasert, basert på brukerinnsikt fra førstelinjen. Eksempelvis er de inne i utviklingsarbeidet for tillitstjenester og samarbeidet med DigiUng, Europeisk lommebok, Single Digital Gateway og utvikling av Altinn.no.

### Fellesføring 2: Lærlinger

Digdir hadde pr 31.12.2023 sju lærlinger, fordelt på dataelektronikerfaget, IT-driftsfaget og mediegrafikerfaget. Digdir er tilknyttet to opplæringskontor: OK Stat og Sør-Helgeland opplæringskontor.

### Fellesføring 3: Konsulentbruk

Digdir benytter interne ressurser der det er mulig, men må også benytte eksterne konsulenter. Bruk av konsulenter i Digdir er i hovedsak knyttet til drift og utvikling av nasjonale fellesløsninger og Altinn. Digdir benytter også konsulenter i forbindelse med spesifikke satsninger og oppdrag fra departementet.

Hovedårsaken til bruk av konsulenter er at store og komplekse oppgaver krever ekstra ressurser i tidsavgrensede perioder. Eksterne ressurser gir fleksibilitet til å justere kompetanseprofiler underveis i arbeidet. Det er en utfordring at en ressurs ofte ikke besitter kompetanse for hele fagområdet. Ved å benytte eksterne ressurser, er det enklere å kjøpe timer hos enkeltressurser basert på korrekt kompetanseprofil. Da kan vi endre sammensetning av kompetanse uten at vi øker antall ressurser. I tillegg er det vanskelig i dagens arbeidsmarked å rekruttere og beholde kritisk kompetanse.

De siste årene har Digdir relokert budsjettmidler fra konsulenttjenester til faste stillinger, blant annet knyttet til utviklerkompetanse for nasjonale fellesløsninger. Vi opplever imidlertid at turnover er utfordrende ved bevegelser i arbeidsmarkedet etter pandemien og et veldig godt arbeidsmarked. Dette medfører at Digdir ikke alltid klarer å beholde kritisk kompetanse, slik at det fortsatt er behov for bruk av konsulenter. Digdir arbeider for tiden med to store moderniseringsprosjekter knyttet til nasjonale fellesløsninger. Vi antar at arbeidet med disse prosjektene kan medføre økt bruk av konsulenter i en overgangsperiode.

Kjøp av konsulenttjenester bokføres på kontoer i intervallet mellom 6700 og 6739, jf. kapittel 6 om årsregnskapet note 3 **Andre utbetalinger til drift**. I 2023 ble det bokført om lag 116,3 mill. kroner til kjøp av konsulenttjenester i Digdir, noe som er lavere enn både 2021 og 2022. Grunnet endring i bokføring av brukergenererte kostnader fra 2021 til 2022 viser imidlertid ikke regnskapet for 2021 sammenlignbare tall med 2022 og 2023 for konsulenttjenester.

Tabell 1 viser faktiske kostnader til konsulenttjenester for 2021 – 2023, hvor tallene for 2021 er korrigert for brukergenererte tredjepartskostnader.

**Tabell 1: Faktiske kostnader til konsulenttjenester for 2021 – 2023 (tallene for 2021 er korrigert for brukergenererte tredjepartskostnader)**

	2021	2022	2023
Konsulenttjenester (6700-6739)	150 702 297	129 485 659	<b>116 270 409</b>

Reduksjonen mellom 2021 og 2022 utgjør om lag 21 mill. kroner og skyldes blant annet særskilte oppdrag knyttet til Covid-19, arbeid med sikkerhetshendelsen i ID-porten 1. oktober 2020 og flytteprosjekter i Oslo og Brønnøysund. Videre reduksjon i bruk av konsulenter mellom 2022 og 2023 utgjør om lag 13,2 mill. kr og skyldes i stor grad redusert aktivitet knyttet til Datafabrikken.

#### Konsulenttjenester til kommunikasjonsrådgivning

For 2023 har Digdir ikke kjøpt konsulenttjenester til kommunikasjonsrådgivning.

Digdir regnskapsfører kjøp av tjenester til kommunikasjonsrådgivning på konto 6722. Tabell 2 viser konsulenttjenester til kommunikasjonsrådgivning. Tallene for 2021 er korrigert for feilføringer i perioden.

**Tabell 2: Konsulenttjenester til kommunikasjonsrådgivning, korrigert**

	2021	2022	2023
Konto 6722 Konsulenttjenester til kommunikasjonsrådgivning, korrigert	1 200 000	0	<b>0</b>

For å redusere bruken, har Digdir styrket den interne kompetansen og leveranseevnen.

#### Fellesføring 4: Desentralisert arbeid

Vi ser at vår strategi for å øke andelen medarbeidere på kontorene utenfor Oslo fører fram. De fleste vi rekrutterer nå tilhører våre kontorer i Leikanger og Brønnøysund, mot for tidligere da de fleste vi rekrutterte tilhørte Oslo-kontoret. Dette er viktig for oss for å bygge sterke og fagmiljøer på alle våre lokasjoner, samt etablere en bærekraftig fordeling av ansatte i våre kontorlokaler.

Digdir utlyser de fleste stillinger med mulighet for å jobbe på alle våre kontorsteder. For å sikre vekst på våre kontorer utenfor Oslo, lyses enkelte stillinger ut med fast kontorsted i Brønnøysund og/eller Leikanger.

Vi har etablert brandingteam på alle lokasjoner. Disse teamene gjennomfører målrettede aktiviteter for å tiltrekke og ansette medarbeidere som vil bo eller bosette seg på kontorene utenfor Oslo.




**“Vi som jobber med virksomhetsstyring i Digdir har en nøkkelrolle som tilrettelegger og koordinator for fagavdelingene. Det er spennende og lærerikt å få jobbe på tvers av virksomheten med økonomistyring og rapportering.”**

Lina Åsdahl (30), controller, avdeling virksomhetsstyring, seksjon plan og budsjett, Oslo

# Kommunikasjon

Mål	Resultat	Prioriteringar og tiltak	Måloppnåing
<b>1</b> Vi tilbyr effektive og brukarorienterte digitale tenester som gjer det lett å gjere rett	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fleire nye rettleiarar som gjer det lett å gjere rett, mellom anna for ansvarleg bruk og utvikling av kunstig intelligens</li> <li>20 prosent auke i bruken av digdir.no</li> <li>38 prosent auke i bruken av uutilsynet.no</li> <li>Nedgang i bruken av altinn.no og norge.no</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Målet for 2024 er å samkjøre kanalane i Digdir i endå større grad, slik at det blir lettast mogleg for dei vi er til for å gjere rett</li> </ul>	 Oppnådd
<b>2</b> Vi når fleire for mindre gjennom arrangement brukarane har nytte av og er nøgde med	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi hadde fleire deltakarar på arrangementa våre, og deltakarane er meir nøgde enn før</li> <li>Bruken av Teams til webinarer, nettverksmøter og enklare arrangement auka</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Digdir sine arrangement skal hjelpe verksemda vår å oppnå Digdir sine strategiske mål</li> <li>I 2024 er målet å løfte Digitaliseringskonferansen ytterlegare strategisk og som nettverksarena</li> </ul>	 Oppnådd
<b>3</b> Vi bruker kommunikasjon til å utvikle og profilere Digdir	<ul style="list-style-type: none"> <li>Digdir har hovudrolla i medieomtalen på prioriterte tema om digitalisering</li> <li>Uønska hendingar knytta til dei samfunnskritiske felleisløysingane drog ned medieskåren vesentleg</li> <li>Vi runda 20 000 følgjarar på LinkedIn</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi vil fortsette den forsterka innsatsen på strategisk kommunikasjon, spesielt knytt til premissgivarrolla</li> <li>Vi styrke kommunikasjonsinnsatsen rundt moderniseringa av Altinn vesentleg</li> </ul>	 Oppnådd
<b>4</b> Vi fremmar klart språk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Redusert kapasitet i 2023.</li> <li>Rekordstor deltaking på Klart språk 2023, kor vi delte ut klarspråkprisane</li> <li>Fleire verksemder har brukt og fått erfaringar med rettleinga for klart språk i utviklinga av digitale tenester</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi vil rette innsatsen mot å få fleire verksemder til å bruke klart språk til å skape betre og meir brukarorienterte digitale tenester</li> </ul>	 Delvis oppnådd

Utvikling i bruk av utvalde nettstader 2020-2023



**20 000** ↑

følgjarar på LinkedIn i 2023

14 725 i 2022  
7 803 i 2020

**1 279** ↓

deltakarar på Brukarrådet i 2023, ein liten nedgang mot rekordåret i 2022.

1 335 i 2022

Medieomtale fordelt på Digdir sine fire roller 2020-2023

	2023	2022	2020
Premissgivar	↑ <b>39.6 %</b>	38,61 %	43,52 %
Leverandør	↑ <b>40,3 %</b>	39,79 %	22,93 %
Iverksetter	↓ <b>12 %</b>	17,03 %	27,45 %
Tilsyn	↑ <b>7,9 %</b>	4,21 %	6,08 %

## Kommunikasjon

**Vi vurderer måloppnåinga på kommunikasjon i 2023 som god. Bruken av kanalane våre auka, medieomtalen var høgare og fleire deltok på arrangementa til Digdir.**

### Mål

Digdir hadde fire operative delmål for fagområdet kommunikasjon i 2023:

1. Vi tilbyr effektive og brukarorienterte digitale tenester som gjer det lett å gjere rett
2. Vi når fleire for mindre gjennom arrangement brukarane har nytte av og er nøgde med
3. Vi brukar kommunikasjon til å utvikle og profilere Digdir
4. Vi fremmar klart språk

### Resultat

**Delmål 1: Vi tilbyr effektive og brukarorienterte digitale tenester som gjer det lett å gjere rett**

Som i fjor varierte utviklinga i besøkstal på nettstadene til Digdir i 2023 i begge retningar. [Digdir.no](https://digdir.no) hadde ei auke i besøk på litt over 20 %. Sidetreffa på [altinn.no](https://altinn.no) gjekk vidare ned, frå 105 millionar til 92 700 000. Bruken av [noreg.no](https://noreg.no) gjekk ned med 23 prosent. Nedgangen dei siste åra kan skuldast at ein del informasjon på [norge.no](https://norge.no) ikkje lenger har same aktualitet som under pandemien. Antall brukarøktar på hjelpesidene til ID-porten er ganske jamt med fjorårets besøk. [Prosjektveiviseren](https://prosjektveiviseren.no) gjekk ned nesten 25 %.

[Utilsynet.no](https://utilsynet.no) auka igjen trafikken, og hadde heile 38 % fleire besøk i 2023 enn året før, med mange treff på rettleiing knytt mot tilgjengelegheitserklæring. På [Samarbeidsportalen](https://samarbeidsportalen.no) har mellom anna overgang til nye ID-porten generert mykje trafikk til informasjon og webinar, som gir ei auke i besøkstal på nær 14 %.

**Delmål 2: Vi når fleire for mindre gjennom arrangement brukarane har nytte av og er nøgde med**

I 2023 var aktiviteten enda høgare enn i 2022 og vi nådde endå fleire. Tilfredsheita til deltakarane på Digitaliseringskonferansen steig frå 4,5 til 5 på ein skala frå 1-6 frå 2022 til 2023. På Brukarrådet steig talet frå 4,8 til 5.

Digdir gjennomførte 115 arrangement i 2023, ei stor auke frå dei 75 arrangementa vi hadde i 2022. Vi registrerte 11 244 påmelde deltakarar i 2023, som også er ein betydeleg auke frå dei 8 843 påmelde i 2022. Det reelle talet er likevel høgare begge åra, sidan mange arrangement hadde open lenkje og fleire enn dei påmelde kunne delta.

Digitaliseringskonferansen hadde 885 deltakarar i 2023, litt fleire enn dei 805 deltakarane vi hadde i 2022. Brukarrådet vart igjen gjennomført digitalt og hadde 1 279 deltakarar, som er nokre færre enn 1 335 året før. Teams blir framleis mykje brukt til nettverksmøter og arrangement, og vi har framleis meir- og etterbruk av arrangementa våre gjennom opptak. Vi samarbeidde godt med DFØ om felles konferansesenter og studio.

### Delmål 3: Vi brukar kommunikasjon til å utvikle og profilere Digidir

Medieomtalen var noko høgare enn i 2023, medan medieskåren gjekk ein del ned, primært grunna mange medieoppslag sommaren 2023 om "meldingssakene" i Altinn. Det var ingen feil i Altinn, men erfaringvis har hendingar knytt til fellesløysingane stor innverknad på medieskåren. Medieskåren for 2023 viser ei svak auke når vi held meldingssakene utanfor. Elles er det langt meir positiv enn negativ omtale om Digidir. Midlar til digitaliseringsprosjekt, rettleiing om universell utforming og utspel om finansiering av digitalisering i offentleg sektor er blant temaa som får positiv omtale. Vi ser også at det siste er eit tema som får meir merksemd, og at Digidir er den offentlege aktøren som er klart mest nemnt eller sitert i desse sakene. I 2023 styrka vi innsatsen på strategisk kommunikasjon knytt til premissgivarrolla spesielt.

Nyheitsbrevet er ein viktig kanal for oss. Talet på abonnentar auka frå 8 987 i 2022 til 9 731 i 2023. LinkedIn er den største sosiale kanalen til Digidir, med rask vekst frå 7 803 følgjarar i etableringsåret 2020, 10 093 i 2021, 14 725 i 2022 og nær 20 000 ved slutten av 2023. På dei mindre brukte kanalane Facebook, Twitter/X og Instagram hadde vi 2 045, 1 912 og 1068 følgjarar ved årsskiftet. Vi publiserte 21 tekstlege blogginnlegg, videobloggar og podcastar på Digitaliseringsbloggen, mot 20 i 2022.

### Delmål 4: Vi fremmar klart språk

2023 var prega av noko lågare kapasitet på nøkkelressursar. Likevel ser vi at fleire verksemdar har gjort seg erfaringar med rettleiinga for bruk av klart språk i utviklinga av digitale tenester, som var hovudmålet for året. Vi deltok også i arbeidet til Digidir med å forbetre begrepa i Begrepskatalogen.

Arrangementet Klart språk 2023 med utdeling av klarspråkprisane for stat og kommune er eit samarbeid mellom KS, Språkrådet og Digidir. Arrangementet fekk eit stort løft i 2023, med 1 334 påmeldte mot 320 i 2021. Ca. 100 deltok fysisk. Deltakarane hadde meir variert bakgrunn enn tidlegare år. Miljødirektoratet og Sunnfjord kommune vann prisane.

## Utfordringar

Digidir har ikkje fått prioritert ein felles kanalstrategi som sikrar at brukarane våre opplever nett-tenestene som heilskaplege. Den framtidige rolla og potensialet til dei to noverande portalane for næringslivet og innbyggjarane, altinn.no og norge.no, er ikkje avklart.

I tråd med nye politiske signal frå ny regjering har Digidir redusert bruken av konsulenttenester på kommunikasjon. Det har auka presset på eigenproduksjon og intern kompetanse.

For at Digidir skal ivareta samfunnsoppdraget, er vi avhengige av å nå endå betre ut med våre faglege råd, status og analysar, spesielt i rolla som premissgivar.

## Prioriteringar og tiltak

I 2024 er målet å få utvikla ein felles kanalstrategi for Digidir sine kanalar.

Vi vil halde fram det målretta arbeidet med å styrke medieskåren generelt og Digidir som premissgivar på prioriterte område i samfunnsdebatten spesielt. Kontinuerleg forbetring av arrangementa våre, ikkje minst Digitaliseringskonferansen, er ein del av dette arbeidet.

Vi vil ruste opp kommunikasjonsinnsatsen i arbeidet med å modernisere Altinn.

Målet er å få stadig fleire offentlege til å bruke klart språk som del av det tverrfaglege arbeidet i digitaliseringa, mellom anna ved å auke bruken av og vidareutvikle rettleiinga.



Nettstad	2020	Endring 20-21	2021	Endring 21-22	2022	Endring 22-23	2023
ID-porten sine hjelpesider	3 058 513	0,8 %	3 083 066	-31,8 %	2 102 635	1,5 %	2 133 455
Noreg.no	1 749 876	40,7 %	2 462 147	-10,8 %	2 197 044	-23,1 %	1 689 369
Digdir.no	358 779	69,4 %	607 929	-0,9 %	602 209	20,8 %	727 554
Altinn.no	65 836 829	3,8 %	68 324 185	-12,0 %	60 159 895	-31,0 %	41 483 599
Prosjektveiviseren.no	123 550	2,9 %	127 072	-11,3 %	111 482	-24,6 %	84 047
Samarbeidsportalen	115 000	-7,9 %	105 870	40,3 %	172 861	13,6 %	196 402
Uutilsynet.no	98 583	35,4 %	133 448	50,0 %	200 111	38,0 %	276 089



**“Eg er spesielt stolt av å jobbe med den pågåande moderniseringa av Altinn. Eit prosjekt som er heilt nødvendig for å halde Noreg i gang! Det blir veldig gøy å vere med på fortsetjinga.”**

Trude Halseth Arnes (34), kommunikasjonsrådgivar, avdeling kommunikasjon, Brønnøysund

## Sikkerhet og beredskap

**I 2023 jobbet Digdir videre med å styrke sikkerhet og beredskap i en skjerpet sikkerhetssituasjon. Styringssystemet for sikkerhet dekker samfunnssikkerhet, informasjonssikkerhet, personvern og beredskap. Styringssystemets faste aktiviteter styres og kontrolleres gjennom årshjulet for sikkerhet og beredskap, som vi evaluerer og forbedrer ved ledelsens årlige gjennomgang av styringssystemet.**

Digdir har ansvar for samfunnskritiske fellesløsninger. Det stiller høye krav til arbeidet med sikkerhet og beredskap. I 2023 gjorde internasjonale hendelser at sikkerhetssituasjonen fortsatt var skjerpet for Digdir, gjennom flere cyberangrep og et økende trusselbilde. Gjennom året har vi styrket sikkerheten og beredskapen ved å drive og forbedre aktivitetene som følger av styringssystemets prosesser.

### Mål

Hovedmålet for arbeidet med sikkerhet og beredskap i Digdir er å sikre at virksomheten har tilstrekkelig sikkerhet i sine tjenester og leveranser. Det viktigste målet i 2023 har vært å følge opp etableringen av tiltakene vedtatt etter gjennomførte gap-analyse og anvendelighetserklæring i 2022.

### Resultater

Den viktigste leveransen i 2023 har i likhet med 2022 vært, å videreføre arbeidet med å etablere og operasjonalisere et styringssystem for sikkerhet som dekker samfunnssikkerhet og informasjonssikkerhet, personvern og beredskap. Arbeidet skjer i tett samarbeid mellom virksomhetsstyring, leverandørvdelingene, HR og kommunikasjon.

Den sentrale sikkerhetsfunksjonen har en virksomhetsovergripende og koordinerende rolle for sikkerhets- og beredskapsarbeidet i Digdir og samarbeider tett med fagavdelingene. Framdriften for utvikling og innføring av styringssystemet har vært tilfredsstillende. Vi erkjenner at arbeidet er tidkrevende, og at kapasitet på sikkerhetsressurser er viktig. Vi legger vekt på kvalitet i tiltakene framfor tid. Derfor ble prosjektet for oppfølging av gapanalyse sikkerhet besluttet forlenget inn i 2024. Gjennom året videreutviklet og oppdaterte vi den årlige risiko- og sårbarhetsanalysen for arbeidet med samfunnssikkerhet, også kalt RoS-analysen, i tråd med samfunnssikkerhetsinstruksen. I dokumentet vurderer vi tilsiktede og utilsiktede hendelser som kan true vår kritiske funksjonsevne og sette grunnleggende samfunnsverdier i fare.

Vi ser prioriteringen av sikkerhetstiltakene i lys av det skjerpede trusselbildet Digdir opererer i, virksomhetens rolle som leverandør av nasjonale fellesløsninger og kritiske samfunnsfunksjoner, samt den tilliten virksomheten har som premissgiver for informasjonssikkerhet. Dette arbeidet fortsetter i 2024.

I beredskapsarbeidet har vi knyttet hendelseshåndteringen i fellesløsningene nærmere beredskapsplanverket, og ser dette i sammenheng, fra produktteamene og hele veien til eierdepartementet. Vi bygger kompetanse og kapasitet for hendelseshåndtering og beredskapshendelser og øver disse. Alle ambisjonene for

opplærings- og øvingsprogrammet er ikke oppfylt i 2023, og vil derfor få større fokus i 2024. Krisestøtteverktøyet er en viktig del av beredskapsarbeidet og er tatt i bruk som en del av vårt beredskapsplanverk.

Vi har prioritert systematisk opplæring i informasjonssikkerhet for alle nye medarbeidere. Vi har informert regelmessig om sikkerhet og digitale hendelser til medarbeidere. Vi har gjennomført øvelser der virksomheten fant det nødvendig. Digidir deltok også i den årlige nasjonale sikkerhetsdugnaden, Sikkerhetsmåneden.

2023 ble avsluttet med ledelsens årlige gjennomgang og evaluering av sikkerhets- og beredskapsarbeidet. Sentralt i denne gjennomgangen var en evaluering av Digidirs styringssystem for sikkerhet, sikkerhetsmål og utviklingsbehov.

## Utfordringer

RoS-analysen for 2023 trekker fram følgende risikoområder:

- (R1) Digitale angrep
- (R2) Drift av nasjonale fellesløsninger
- (R3) Sikkerhetsstyring
- (R4) Beredskap og kriseledelse
- (R5) Tilgang til sikkerhetsressurser

Risikoområdene er inndelt i fem risikoscenarioer som presenterer et aggregert risikobilde for Digidirs rolle i arbeidet med samfunnssikkerhet. I RoS-analysen redegjør vi videre for pågående, gjennomførte og anbefalte risiko-sårbarhetsreducerende tiltak knyttet til de fem risikoområdene.

Digitale angrep mot nasjonale fellesløsninger er en alvorlig sikkerhetsrisiko. I 2023 så vi en ytterligere skjerping av det digitale trusselbildet. Vi har flere ganger

gjennom 2023 opplevd både tilsiktede og utilsiktede hendelser som har påvirket oppetiden til flere av våre løsninger. Vi arbeider systematisk med hendelsene og lærer og forbedrer kontinuerlig.

## Prioriteringer og tiltak

En hovedaktivitet i 2024 blir å videreutvikle og fortsette implementering av styringssystemet for sikkerhet.

Gjennom 2024 vil vi følge opp identifiserte forbedringstiltak gjennom porteføljeprojektet "Oppfølging av gap-analyse for sikkerhet".

Læring fra hendelser og øvelser vil sammen med opplærings- og øvingsprogrammet for beredskap og krisehåndtering styrke beredskapen og krisehåndteringen ytterligere i 2024. Tiltakene vil styrke Digidirs samlede kompetanse innenfor aktiviteter tilknyttet hendelseshåndtering, beredskap og krisehåndtering

Stadige endringer i regelverk, eksempelvis NIS-direktivet og Lov om digital sikkerhet, inkluderes i styringssystem for sikkerhet når de trer i kraft. Krav til bruk av KI i sikkerhetsarbeidet vil også bli en del av arbeidet i 2024.



## KAPITTEL 5

# Vurdering av framtidssutsikter

I vurdering av framtidssutsikter kan du lese Digidir si vurdering av trendane, utfordringane, moglegheitene og endringsbehova vi ser på digitaliseringsområdet framover. Du får også innsikt i korleis vi vil jobbe for å ruste Digidir for kommande utfordringar og oppgåver.

## Det digitale Noreg 2030

**Kva drivkrefter og teknologiske trendar vil påverke det norske samfunnet fram mot 2030? Korleis skal vi sikre velferdsstaten i framtida når inntektene går ned og utgiftene opp – ved å utnytte moglegheitene digitaliseringa gjer oss? Og kva handlar digitalisering eigentleg om for deg og meg i åra som kjem?**

"Du vinn ikkje eit val med å snakke om digitalisering". Det sa mange politikarar på Arendalsuka i 2023. Kvifor er det slik, når digitalisering handlar om å sikre velferdsstaten, gjere kvardagen enklare for vanlege folk – og løyse dei store samfunnsutfordringane?

Digitalisering handlar om korleis vi ønskjer at det norske samfunnet skal vere når eldrebølga kjem og oljeinntektene synk. Det handlar om å gjere kvardagen enklare for etterlatne som står midt i sorga. For den næringsdrivande som skal skape nye verdiar for samfunnet. For mora med eit alvorleg sjukt barn som brukar 19 timar i veka på å finne fram i systemet, når ho treng krefter til å ta seg av barnet sitt. Digitalisering handlar om å frigjere tid og pengar tilsvarende fem milliardar kroner – kvart år framover, for at Noreg skal kunne tilby same velferdsnivået som vi har i dag.

Digitalisering handlar om å løyse dei store utfordringane som ligg føre oss. Om å redde klimaet og klare det grønne skiftet. Om å kutte unødvendige offentlege utgifter og effektivisere oppgåver som gjer ting enklare for både tilsette og innbyggjarane. Digitalisering handlar om å skape tryggleik for folk i ei verd som vert farlegare og farlegare. Digitalisering handlar om å verne demokratiet og tilliten til det offentlege.

**Digitalisering handlar ikkje om kald teknologi. Digitalisering handlar om samfunnet og framtida vi skal skape.**

## Desse drivkreftene og teknologiske trendane vil påverke det norske samfunnet fram mot 2030

Verda er i endring. Kva slags drivkrefter og trendar kjem til å møte oss? Digidir har beskrive dei viktigaste vi må planlegge med i åra framover. Dei inneber både utfordringar og moglegheiter. Her presenterer vi eit lite samandrag:

### Makt: Demokratiet er under press

I heile verda blir grunnleggjande demokratiske rettar, liberale verdiar og menneskerettar utfordra. 70 prosent av befolkninga i verda levde i eit ikkje-demokratisk land i 2021, ei dramatisk auke frå 49 prosent i 2011. Samstundes har ikkje-demokratiske land fått meir makt og innverknad internasjonalt. Falske nyheiter og nettsider har eksplodert. Kunstig intelligens gjer det vanskelegare å skilje mellom sant og usant, og kva som er skapt av menneske og maskiner. Teknologi blir brukt til å forvirre offentlegheita i politiske saker.



### Økonomi: Tøffare tider i vente

Fram til 2032 forventar vi ein utgiftsvekst i folketrygda på 92 milliardar kroner. Vekst i alderspensjonsutgifter er den sterkaste drivaren av veksten. Offentlege utgifter utgjer 60 prosent av BNP, høgare enn i noko anna OECD-land.

I Noreg har vi gjennom to tiår vorte vande med at det finst store midlar til finansiering av nye tiltak, utan at andre utgiftspostar blir nedprioriterte. Framover må vi i stadig større grad omprioritere og kutte utgifter.

Framover vil deling av ressursar på tvers bli viktigare. EU satsar stort på innovasjon og digitalisering. Noreg vil ha behov for 40.000 fleire sysselsatte med IKT-kompetanse i 2030, samanlikna med 2019. SSB bereknar eit underskot på helsepersonell på nesten 70 000 årsverk i 2040. Det trengst også arbeidskraft for å støtte det grønne skiftet.

### Menneske: Tilliten til digitale tenester blir utfordra

Forventningane til gode og samanhengande offentlege tenester aukar. Store internasjonale selskap ligg i front med å tilby innbyggjarane smarte tenester. Dermed aukar forventningane òg til det offentlege tenestetilbodet. Algoritmar og ny teknologi gjer persontilpassing mogleg.

Tempoet i digitalisering kan gi næring til bekymring, frykt eller mistru hos innbyggjarane. Digitalt sårbare har lågare tillit til styresmaktene og digitale tenester.

Delen unge uføre i Noreg aukar. Den årlege samfunnsøkonomiske kostnaden ved tidleg utanforskap er 73 milliardar kroner i året.



## Klima – Vindauget for omstilling smalnar

Det hastar med å få til utsléppskutt. Barn fødd i 2020 vil oppleve opptil sju gonger auke i ekstreme vêrhendingar og tilhøyrande helsefarer, samanlikna med personar fødd i 1960. Klimaendringar og krigshandlingar vil òg tvinge fleire menneske på flukt.

Digitale teknologiar kan spele ei nøkkelrolle i vegen til lågutsleppssamfunnet. Elektrifisering av transportsektoren, overgang til fornybar energi, energieffektivisering og presisjonsjordbruk med meir effektiv vatning og gjødsling kan auke produktivitet og kutte utslépp. Digitale teknologiar gjer det mogleg å overvake utslépp og optimalisere trafikkflyten for å avgrense kø og forureining.

Digitaliseringa aukar også utslépp: den treng mineralar, kopar, kablar, datasenter, regnekraft og arbeidskraft. Energiforbruket til ikt aukar åtte gonger fortare enn global energiproduksjon. IT-utstyr, datasenter og digitale nettverk står allereie for rundt 10 % av det globale energiforbruket. Kunstig intelligens er ein svært energi- og ressurskrevjande teknologi.

## Teknologi – Omgir oss på godt og vondt

Kunstig intelligens inntek og overtek stadig fleire område og kan løfte digitaliseringa til eit nytt nivå. Generativ kunstig intelligens åleine er venta å kunne bidra til produktivitetsvekst innan ulike område som forskning, pasientbehandling og kundeservice på 1,5 prosentpoeng over ti år. Samtidig vil teknologien komme tettare på oss.

Den aukande digitaliseringa vert møtt av ei reguleringsbølge frå EU: heile 30 nye digitale lover på veg frå EU til Noreg. Då EU vedtok GDPR i 2018, fekk det store følgjer for Noreg. Det vil legge sterke føringar for norsk digitaliseringspolitikk.

Ifølgje NSM har talet på tenestenekt-angrep seksdobla seg det siste året.





Angrepa blir drivne av russiske «hacktivistar» motiverte av Noregs støtte til Ukraina. Digitale angrep kan utgjere stor skade for kritisk infrastruktur som vassforsyning, olje- og gassproduksjon, straumforsyning og velferdsteknologi. Snart vil kunstig intelligens som utfordrar evna til å skilje ekte og falskt innhald bli brukt i påverknadsoperasjonar mot Noreg. Kripos anslår at generativ kunstig intelligens fører til auka cyberkriminalitet, både i omfang og kvalitet.

### Riksrevisoren: Digitalisering er ei fundamental samfunnsutfordring

Opggåva til riksrevisoren er å passe på at vi bruker offentlege midlar riktig – og best mogleg. I 2023 slo han alarm. Han slo fast at vi må ta sterkare styring over digitaliseringa:

"Departementa jobbar sektorvis. Regelverket er sektorvis. Og, prioriteringane blir gjorde sektorvis. Men, vi kan ikkje digitalisere sektorvis. Viss det er eitt fellestrekk som blir beskrive i rapportane frå Riksrevisjonen, så er det mangel på samordning. Ulike sektorar som alle er nødvendig for å skape gode løysingar, samarbeider ikkje godt nok. For digitalisering er dette fundamentalt."

På DFØ sin årskonferanse Ein betre stat i januar 2024 kalte Riksrevisoren dette for ei fundamental samfunnsutfordring.

## Det er ikkje lenger tid for frivilligheit

Riksrevisoren sin budskap er heilt på linje med råda Digidir har gitt og har spelt inn til den nye digitaliseringsstrategien: Skal vi lukkast med digitaliseringa, må vi stille krav til samordning. Samordning på tvers av sektorar og verksemdar vil kreve betydeleg autoritet og kraft. Ifølgje riksrevisoren må den nye digitaliseringsministeren få og ta autoriteten som trengs for å ta ei tydelegare koordineringsrolle. Den nye strategien må stille krav til at sektorinteresser må vike for fellesløysingar og overordna prioriteringar. Felles standardar må avløyse skreddarsaum i kvar verksemd og sektor.

Riksrevisoren teiknar eit klart bilete: Samordninga kan berre skje på aller høgaste nivå. Vi må ville bruke nødvendig styring for å oppnå det samfunnet vi ønsker. Det vil krevje sterk og visjonær leiing.

Det er ikkje lenger tid for frivilligheit, slår riksrevisoren fast.

### Ny digitaliseringsstrategi: vegen mot 2030

I 2023 lanserer regjeringa ein ny digitaliseringsstrategi. Den skal gi retninga for digitaliseringa. Råda frå Skate og Digidir til kva strategien bør leggje vekt på, samsvarar godt med det riksrevisoren etterlyser.

Skate understrekar i sitt innspel at digitaliseringsstrategien må sette retning og overordna mål på tvers av sektorar og nivå. Den bør vidareføre det likeverdige samarbeidet mellom statleg og kommunal sektor, som i dagens digitaliseringsstrategi. Strategien må identifisere kva som bremsar oss og korleis vi kan fjerne hinder mot digitalisering og samarbeid.

Skate trekker fram tre råd:

#### 1. Styring og finansiering må støtte samarbeid

Offentleg sektor må styrast på ein måte som reflekterer behovet for heilskapleg digitalisering og samanhengande tenester på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Styring og finansiering må understøtte dette. Leiarar i dei underliggjande etatane i staten bør i større grad bli styrt på samarbeid, til dømes ved at tildelingsbrevet for verksemdene vektlegg resultat og effekt av felles innsats. Styring til departementa må ta vare på tverrgående prioriteringar og leggje til rette for at verksemdene kan prioritere samarbeid. Finansieringssystemet blir ikkje brukt i tilstrekkeleg grad på ein måte som stimulerer til tverrsektorielle satsingar. Digitaliseringsstrategien bør gi tilrådingar om kva som er gode finansieringsmekanismer tilpassa produktorientering og smidig utvikling. Det kan òg vere nyttig å sjå på nye løysingar for gevinstrealisering når investeringa skjer i

ei verksemd, medan gevinstane kjem i ein annan. Det er viktig å ta høgde for at gevinstane kan ligge hos innbyggjar eller vere av ein kompleks samfunnsøkonomisk karakter som er vanskeleg å realisere i kvar enkelt verksemd.

## 2. Tilpass regelverket til ein digitalisert tidsalder

Gode intensjonar om digitalisering støytar ofte på hindringar i lover og forskrifter. Desse er gjerne sektorspesifikke. Samtidig er det liten tradisjon for å sjå regelverk i samanheng på tvers. Å fjerne hindera kan vere tidkrevjande og tungt. Vi veit det meir effektive og heilskaplege prosessar for regelverksendringar har stor verdi. Siktemålet bør vere eit digitaliseringsvenleg og teknologinøytralt regelverk kor unødvendige hindringar er fjerna. Det vil gjere det lettare å ta i bruk ny teknologi, som kunstig intelligens. EU har komme langt på dette feltet. Det er viktig at vi følgjer regelverksutviklinga i EU tett.

## 3. Bruk felles infrastruktur på tvers av alle sektorar

Ein føresetnad for å lykkast med omstillinga til eit meir digitalt samfunn, er ein velfungerande felles digital infrastruktur. Ein felles digital infrastruktur må bestå av nasjonale fellesløysingar og ein nasjonal arkitektur. Fellesløysingane løysar felles behov og kan gi store gevinstar fordi vi slepp å utvikle våre egne løysingar og system kvar for oss. Dei kan òg gjere tenester gjenkjennelege på tvers av etatar og sektorar, som innlogging på offentlege tenester via ID-porten er eit døme på i dag.

Skate meiner vi må sørge for at fellesløysingane held fram med å gi verdi. Undersøkinga «IT i praksis» viser at tilfredsheita med fellesløysingane fell. Det kjem truleg av at fellesløysingane ikkje blir vidareutvikla i takt med at brukarane, ulike private og offentleg verksemdar, får nye behov. Når vi byggjer ein ny skule, held det ikkje å setje av pengar til sjølv byggjeproessen. Det kostar òg pengar å drifte skulen, halde den ved like og bygge om når nye behov oppstår. Slik er det med dei digitale fellesløysingane òg. Tryggjeleik og funksjonalitet må takast vare på kontinuerleg. Teknisk gjeld og utdaterte system som ikkje snakkar saman er ein trussel mot informasjonstryggleiken og effektiviteten i forvaltninga. I tillegg treng vi sterkare insentiv for at fleire verksemdar skal bidra til å etablere nye fellesløysingar og bruke fellesløysingane som allereie finst.

Dagens strategi har som mål at kommunale og statlege verksemdar byggjer tenestene sine i eit felles digitalt «økosystem». Ei utfordring er at dette økosystemet ikkje heng godt nok saman med økosystem i dei ulike sektorane. Det gjer samarbeid og kommunikasjon på tvers vanskeleg.

## Digdir sine råd: frivilligheit og mangel på styring kostar dyrt

Digdir har òg gitt tre råd som samanfall godt med – og utdjupar – Skate og riksrevisoren sine innspel. Digdir meiner at digitaliseringsstrategien må:

1. vere forpliktande på tvers av alle sektorar
2. omhandle nødvendige, strukturelle endringar
3. utnytte potensialet i EU sin digitaliseringspolitikk

